

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: **Kjeldsund ungdomssenter**
Dato: 20.09.2016
Tid: **09:00 - NB!!**

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Kl. 09:00: Fellesmøte formannskapet og leiargruppa – budsjett/økonomiplan.

Kl. 12:00: Lunsj

Kl. 12:30: Budsjett-/økonomiplan
Formannskapsmøte

Fosnavåg, 13.09.2016

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 183/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 184/16	Protokoll frå førre møte
PS 185/16	Delegerte saker
PS 186/16	Referatsaker
PS 187/16	Budsjettkontroll per 31.07.2016
PS 188/16	Kostra- analyse. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.
PS 189/16	Kommunekompasset.
PS 190/16	Kommunebarometeret 2016.
PS 191/16	Ny kommunelov
PS 192/16	Organisasjonsendring.
PS 193/16	Avtale mellom kommunen og fastlegane ved Herøy og Myrvåg legesenter - Reforhandling
PS 194/16	Revidert eigarstrategi for Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS
PS 195/16	Revidert selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
PS 196/16	Detaljreguleringsplan for gnr.34/379 m.fl. i Fosnavåg - tilrettelegging for etablering av deponi
PS 197/16	Veg- og parkeringsområde Leikanger skule - behov for ekstra løyving
PS 198/16	Prosjekt 51408 - Einedalen skule - fleirbrukshall - byggeprogram
PS 199/16	Prosjekt 61603 - Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram
PS 200/16	Prosjekt 61604 - Herøy ressurscenter - byggeprogram
PS 201/16	Gnr. 60 bnr. 262 - skade på eigedom - ny handsaming
PS 202/16	Prosjekt 51151 - Myrdeponi Mjølstadneset industriområde - økonomisk avslutning
PS 203/16	Prosjekt 51119 - Rassikring Vikane bustadfelt - økonomisk avslutning
PS 204/16	Prosjekt 51003 og 51011 - Parkeringsareal bak rådhuset - Økonomisk avslutning
PS 205/16	Tilbygg Herøy helse- og omsorgssenter - Økonomisk avslutning. Delegerte saker frå avdelingane
DS 12/16	Skjenkebevilling - Moltustranda Idrettslag - søknad om

skjenking for eit bestemt arrangement

- DS 13/16 Søknad om skjenkebevilling 09.09.2016 til eit bestemt arrangement - (lukka arrangement)
- DS 14/16 Søknad om å ta skjenkeløyve med til Herøy gard- Thon hotel Fosnavåg
- DS 15/16 Søknad om skjenkebevilling til eit bestemt arrangement - (lukka arrangement)
- Referatsaker
- RS 56/16 Ruteendringsprosessen 2017 - Innspel frå kommunar og operatørar
- RS 57/16 Forprosjekt for mogleg etablering av nordisk nettverk for stad- og identitetsutvikling med vekt på kultur
- RS 58/16 Høyring - Planstrategi 2016-2020 - Utfordningar og moglegheiter i Vanylven.
- RS 59/16 Endeleg vedtak om kommunereform - Ulstein kommune

PS 183/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 184/16 Protokoll frå førre møte

PS 185/16 Delegerte saker

PS 186/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
187/16	Formannskapet	20.09.2016

BUDSJETTKONTROLL PER 31.07.2016

Tilråding:

Formannskapet viser til vedtak i K-sak 174/14 og ber om at avdelingane framleis skal vere forsiktige med vikarbruken framover og at ein minimerer andre utgifter der det er mogeleg.

Særutskrift:

- Vest kontroll, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Avdelingane, her

Vedlegg:

- [Budsjettkontroll per 31.07.2016 - Avdelingane sine kommentarar](#)

Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde ei god drift i 2015 og fekk eit mindreforbruk som ein har tilrådd vert brukt til avsetjing til disposisjonsfondet.

Budsjettsituasjonen dei siste åra har vore stram og fokuset har vore kostnadskontroll. For 2016 ser vi at vi spesielt nokre inntektspostar er sett høgt, og også i 2016 vil vi møte ein del utfordringar på utgiftssida.

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane per 30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Tilbakemeldingar frå avdelingane

Dei fleste avdelingane meiner at dei skal klare å halde sine driftsbudsjett for 2016. Innanfor politisk leining er det meldt om eit meirforbruk på mellom kr 100.000,- og kr 200.000,- knytt til abonnement, annonser og lisensar. Sosialhjelpsbudsjettet har vore uendra dei siste åra trass i at forbruket her har vore langt høgare enn budsjettet. Ein kan her risikere å få kostnader som er meir enn 3,0 mill høgare enn budsjettert (3,0 mill kr). Brannvernet melder om eit meirforbruk på om lag kr 500.000,- knytt til obligatorisk kursing av vaktstyrken. På plussida er det vakanse i stillinga som assisterande rådmann noko som vil medføre at vi får dekt inn noko av innsparingskravet ein har budsjettert med under område 90. Også Servicetorget og Økonomiavdelinga har hatt vakansar i 2016 noko som samla sett kan utgjere opp mot 0,5 mill kr.

Den største usikkerheita er som vanleg knytt til området som Skatt, ramme, finans med meir. Skatteinntektene er ikkje så høge som vi har budsjettert med, vi har ei bankavtale som gjekk ut i mars og vilkåra ein klarte å forhandle seg fram til i den nye avtalen er på langt nær like god når det gjeld innskotsvilkåra. Det gjer nok at renteinntektene frå ordinære bankinnskott vil bli monaleg redusert.

Pensjonskostnadane i 2015 vart lavare enn budsjettert bl.a. pga av at reglane for avsetjing til uførepensjon delvis vart overført til folketrygda. Det blir difor spennande å sjå korleis dette blir for 2016. Ein har fått opplyst at premieavviket vil bli stort dette året og amortiseringskostnadane aukar også ein del på grunn av ei kortare nedbetalingstid.

Arbeidsløysa i området stig og mange av dei ledige har snart nådd makstida for arbeidsavklaringspengar. Dette kan føre til at utgiftene til sosialhjelp aukar ytterlegare. På litt sikt vil dette også kunne gje utslag på reduserte skatteinntekter.

Når det gjeld skatt, ramme, finans etc vil mindreinntektene frå skatt/ramme sannsynlegvis utgjere inntil 3,0 mill kr i 2016.

Vi slit også med avkastninga på aksje- og obligasjonsinvesteringane våre (aktiv forvaltning). Per 31.07.2016 hadde vi ei netto negativ avkastning på desse midlane på om lag kr 475.000,- medan budsjetterte inntekter i 7 mnd er budsjettert til om lag kr 2.230.000,-. Skal vi klare dei budsjetterte inntektene her er ein avhengig av ein god haust på børsen.

	<i>Rekneskap</i> 2016	<i>Budsjett</i> 2016	<i>Avvik</i>	<i>Rekneskap</i> 2015	<i>Budsjett</i> 2015	<i>Avvik</i>
Alle tal i 1.000 kr						
Lønn inkl sos. Utgifter	221 069	227 897	-6 828	217 998	222 104	-4.106
Kjøp av varer og tenester	44 346	46 280	-1 994	47 221	44 203	3 018
Kjøp av varer og ten. som ersttar komm eigprod	54 317	53 999	318	50 424	44 107	6 317
Overføringer til andre	31 572	25 028	6 544	48 686	33 069	15 617
Finansieringsutgifter	34 479	53 741	-19 262	11 381	35 835	-24 454
Sum utgifter	385 783	406 945	-21 162	375 710	379 318	-3 608
Salsinntekter	-42 525	-44 380	1 855	-40 465	-45 041	4 575
Refusjonar	-25 958	-21 889	4 069	-23 153	-28 812	5 659
Overføringer frå andre	-360 727	-347 931	-12 796	-354 391	-298 544	-55 847
Finansieringsinntekter	- 8 304	- 30 451	22 147	- 7 142	-21 504	14 362
Sum inntekter	-437 514	-444 650	7 136	-425 151	-393 901	31 251
Mindreforbruk(-) / Meirforbruk (+)	-51 731	-37 706	- 14 026	-49 441	- 14 582	-34 859

Både inntekter og utgifter har ein tendens til å bli utgiftsført på ulike tidspunkt frå eit år til eit anna. Dei 2 faktorane som oftast er i ubalanse er bruk av RDA midlar og finansinntektene og finansutgiftene (avdraga).

Av tabellen over ser eit at lønskostnadane har auka med 1,40% (nær 3,1 mill kr) sett i høve til 31.07.2015. Det er ein lavare vekst enn lønsauken og syner at kommuna har hatt ein del stillingar vakante hittil i 2016.

Alle til i 1.000 kr	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Endring 2016-2015	Brukt i % av Tot budsj 2016
Politisk leining	2.280	1.967	313	2.334	2.351	-17	-71	64,88
Adm. leining	1.405	1.866	-461	2.905	2.197	708	-1.500	40,95
Servicetorget	1.087	1.849	-762	1.630	1.787	-157	-543	31,80
Fellessekretariatet	932	1.166	-235	1.405	1.226	179	-473	44,17
Økonomiavdelinga	2.892	3.038	-146	2.857	3.082	-225	35	51,94
Personal- og org. avd	4.282	4.129	153	5.514	4.486	1.028	-204	57,39
IKT avdelinga	4.094	3.425	669	2.389	2.937	-548	1.705	67,79
Overføringer	7.486	7.292	194	387	5.380	-4.993	7.099	59,78
Barnehageavdeliga	42.627	45.906	-3.279	41.937	36.719	5.218	690	64,48
Skuleavdelinga	59.694	60.617	-923	59.923	58.915	1.008	-229	54,21
Avd Barn, Familie og Helse	21.888	22.094	-206	19.966	21.337	-1.371	1.922	55,28
Pleie- og omsorgsavd	57.569	58.764	-1.195	57.208	57.603	-396	-57	53,54
Bu- og habiliteringsavd	20.483	21.251	-769	19.296	20.520	-1.224	1.187	52,44
Solsial og Flyktning (NAV)	5.482	5.141	341	5.708	5.370	338	112	59,39
Kulturavdelinga	4.197	4.857	-660	4.504	4.676	-172	-307	47,18
Utviklingsavdelinga	-408	3.769	-4.177	4.191	3.101	1.090	-3.509	
Anleggs- og driftsavd.	12.078	10.021	2.058	10.775	8.634	2.141	1.303	73,62
Eigedomsavdelinga	8.215	11.807	-3.591	11.582	9.748	1.834	-3.367	42,71
Samhandlingsreforma	-2.956	-8	-2.948	-927	-7	-900	-2.029	
Skatt, ramme, finans etc	-305.057	-306.657	-1.600	-303.024	-264.643	-38.382	-2.033	65,59
SUM	-51.731	-37.706	-14.026	-49.441	-14.582	-34.859		

For 2016 er tilskotet frå sysselsetjingsmidlane inntektsført på Utviklingsavdelinga og Eigedomsavdelinga, medan kostnadane så langt har vore små. Det gjer at Utviklingsavdelinga har fått tilført sitt budsjett nær 3,0 mill kr medan Eigedomsavdelinga har fått tilført sitt budsjett om lag 2,3 mill kr.

Når det gjeld avdragskostnadar er vi på etterskot med betalinga av desse sett i høve til budsjettet. Her skulle utgiftene reelt sett vore mellom 5,0 og 6,0 mill kr høgare enn det ein har rekneskapsført så langt i året. Det skuldast at vi har mange avdragsfrie lån, der budsjetterte avdrag vert betalt inn ein gong per år.

Vurdering og konklusjon:

Det negative med rapporten er at

- utgiftene til sosialhjelp også i 2016 ser ut til å bli mykje høgare enn budsjettert – kanskje meir enn dobbelt så høgt som ein har budsjettert med – 3,0 mill kr. Her har ein nok budsjettert med for lave tal sidan 2012.
- Brannvern har hatt mange på obligatoriske kurs i år og utgiftene på dette feltet er stadig aukande. I 2016 kan meirforbruket passere kr 500.000,- her.
- Skatteinntektene vert mest sannsynleg lavare enn budsjettet men at ein del av dette vert kompensert med høgare rammetilskott
- Renteinntektene vert lavare enn budsjettert
- Avkastninga på midlane vi har til aktiv forvaltning kan bli lavare enn budsjettert, men det er lenge igjen av året og på dette området kjem endringane raskt.

Det positive er at dei fleste avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2016 slik tilfellet var i 2014 og 2015. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk også i 2016 trass i at dei er pålagt eit innsparingskrav.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik (mindreforbruk):

Økonomiavdelinga og Servicetorget, mindreforbruk	kr	450.000,-
Administrativ leing, mindreforbruk på om lag	kr	1.000.000,-
Samhandlingsreforma (om ein ikkje set det av til fonds)	kr	3.000.000,-

Meirforbruk:

Politisk leing	kr	100.000,-
Sosial	kr	3.000.000,-
Brannvern	kr	500.000,-

Sum, mindreforbruk i avdelingane på omlag **kr 850.000,-**

Basert på tilbakemeldingar frå områda/avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit mindreforbruk på om lag 0,85 mill kr.

Det som ødelegg prognosa ovanfor er skatt/ramme, lavare avkastning på kapitalen enn budsjettert og at ein framleis har 2,1 mill kr i innsparingskrav på vakante stillingar. Postane ovanfor kan fort utgjere mellom 3,0 og 5,0 mill kr.

Konsekvensar for drift:

- Kommunen har hatt sterkt fokus på innsparingar over tid. For nokre avdelingar kan et resultere i at belastninga på dei tilsette aukar og at resultatet v det ver meir sjukmeldingar og lavare kvalitet på tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

- Økonomien er stram, men avdelingane klarer å halde rammene sine. Dei statlege overføringane minkar ved bl.a. at staten/fylkesmannen trappar ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift (10 mill kr over 5 år). Reduksjonen frå 2015 til 2016 er på om lag 2,0 mill kr. Dette «kuttet» gjer at Herøy kommune har lavare vekst i frie inntekter enn dei fleste andre av kommunane i Møre og Romsdal.

Fosnavåg, 29.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Kommentar fra Rådmann

Det blir spennande å sjå utviklinga i dei frie inntektene framover. Akkurat no ser det ikkje lyst ut når det gjeld skatteinntektene. I tillegg vert utgiftene til sosialhjelp mykje større enn budsjettert og kommunen har i tillegg ein del utfordringar som ein jobber målbevisst med å løyse. Medan nokre avdelingar slit med å halde budsjettbalansen er det andre avdelingar som melder at dei vil få samsvar mellom rekneskap og budsjett og andre som melder om mindreforbruk. I tillegg har kommunen motteke ei utbetaling på 3,0 mill kr knytt til øyeblikkeleg hjelp ordninga som vart etablert for nokre år sidan.

Folkevalde

På dette ansvaret ser det ut til å verte eit meirforbruk på i overkant av 100.000 kr. Avviket gjeld i hovudsak kontingentar, annonser og abonnement.

Administrativ leiling

På dette ansvaret er det som tidlegare rapportert ei forventa innsparing på 1,0 mill. kr i 2016 vesentleg som følge av vakanse i Ass rådmann stillinga.

Servicetorget

Det er eit positivt avvik i avdelinga. Dette skuldast vakanske i avdelinga og høgare inntekter enn forventa. Det vert eit positivt avvik i slutten av året. Korleis dette vert er noko usikker og knytt til om det vert vakanse også i slutten av året. Uansett vil nok ein ha eit positivt avvik på omlag 10 % eller omlag kr 350.000,-

Fellessekretariatet

Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2016.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga vil ikkje få noko meirforbruk i 2016 trass i reduserte inntekter bl.a. pga at Dragsundbygg IKS no har opphøyr. Mest sannsynleg klarer avdelinga også i år å levere eit rekneskap med eit mindreforbruk på minimum kr 100.000,-

Personal- og organisasjonsavdelinga

Det er eit tilsynelatande meirforbruk 1265 Fellespost. Dette skuldast at differanse mellom rekneskap periodisering på somme kontoar som a) gruppe- og yrkesskedeforsikring og b) konsulenttenester

Prognose for 2016 er at Personal- og organisasjonsavdelinga med sine ansvar vil gå i ballanse.

Informasjonsteknologi

Til trass for at det ligg inne eit alvorleg avvik på -11,04%, er det ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt. Avviket skuldast hovudsakleg at vi betalar for leasing på 3 kopimaskiner som vi fakturerer avdelingane for mot slutten av året. Beløpet for leasing på desse 3 maskinene utgjør omlag 75 000,-

Inntekter frå driftsavtaler med Herøy kyrkjelege fellesråd og legekontora vert også fakturert årleg i november/desember.

Barnehagar

Rekneskapen viser eit positivt avvik som tyder at barnehageavdelinga vil kunne halde budsjetttramma si med god margin. Forklaringa på det positive avviket er litt lavare kommunalt tilskot til private barnehagar enn i fjor og refusjon sjukepengar som er høgare enn vikarutgiftene.

Kommunale barnehagar har brukt noko meir vikarutgifter enn budsjettert, men dette blir kompensert med refusjon sjukepengar.

Rekneskapen viser noko lavare inntekt foreldrebetaling enn budsjettert. Dette kan skuldast yngre barn som gir færre foreldrebetalingskrav og syskjennmodreasjon/reduisert foreldrebetaling.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

UTGIFTER på budsjett.

Lønnsutgifter 1 mill over budsjett. Dette er nok ein kombinasjon av vikarutgifter, samt at vi har forskottert all

opplæring av asylsøkjarene. Tilskot er varsla å kome i aug/sept.

Den faste lønna er under budsjett.

Kjøp av varer og tenester er som forventet under budsjett på denne tida av året. Dei store utgiftene til lærebøker og materiell for nytt skuleår, vert fakturert i august.

Elles ligg vi litt under budsjett på skuleskyss. Kjøp av tenester frå andre kommunar (barn i fosterheimar) ligg pr.no under budsjett, pga sein fakturering.

INNTEKTER ligg ca 1 mill over budsjett.

Dette er i hovudsak pga tilskot til tidleg innsats i småskulen, som regjeringa valde å styrke denne våren.

Elles ligg også refusjon sjukelønn/foreldrepengar over budsjett, og må sjåast i samheng med vikarutgiftene.

PROGNOSE:

Vi forventar større utgifter til kjøp av tenester frå private resten av året. Dette gjeld i hovudsak ein svært stor auke i spes.ped ved privatskulen Møre, der kommunen dekkjer utgifter til både pedagog og assistent. Det vert også ein auke i kjøp av tenester frå andre kommunar, jfr. barn frå Herøy i fosterheimar. Det er auke i både tal på elevar og omfang av tiltak.

Vi har vidare etablert ei ny avdeling under Vaksenopplæringa; Internasjonal skule avd. EMA. Dette gjeld opplæring av asylsøkjarene, der vi pr.no har tilsett 3,4 lærarar i innleigde lokale. Førebels har vi ikkje mottatt tilskot, men forventar dette med det første. Det kan bli ei utfordring å balansere kostnader med inntekter, særleg sidan UDI har sagt opp opsjonen på 20 asylsøkjare etter at lærarane var tilsett og skulelokale innleigd. Prognosen er basert på dette høgst usikkert, men vil kunne bli tydelegare ved neste rapportering. Målet er som alltid, balanse.

Barn, familie og helse

Barnevern:

Per juni har barneverntenesta eit positivt avvik. Om dette vil vare ved resten av året er usikkert. Barnevernet arbeidar med saker som kan føre til store utgifter dersom det vert plassering utafor heimen.

Forbruket vert følgt nøye vidare.

Helseavdelinga

Helseavdelinga har eit lite meirforbruk per 1.7. Bakgrunnen for dette er hovudsakeleg ei manglande oppdatering av tilskot ol. Utviklinga vil verte følgt nøye opp vidare.

Ein tek sikte på at budsjettet for året skal gå i balanse.

Pleie og omsorgsavdelinga

Behovet i pleie- og omsorg er alltid svlgande, og naturleg avgang og nye behov går hand i hand. PO vart skilt ut som eiga avdeling i 2009. Då var det samla talet på årsverk 145,7. I årsrapport 2015 var det meldt inn 142,98. Dette viser ei effektivisering av tenestene, samstundes som ein har takla utfordringane med samhandlingsreforma. Dette må ein ha med seg når ein skal vurdere endra behov framover.

Per i dag har vi ein positiv ubalanse på sjukeheim, medan det negative avviket kjem i heimetenestene. Frå hausten har vi ein auke i drift tilsvarande ein sum på 10, 5 årsverk, som ikkje er budsjettert. Veksten i behovet her går til nye ressurskrevjande brukarar med behov for 1/1 bemanning. Frå 2017 vil vi få vekst i statstilskot på grunn av denne veksten. Detaljande må takast med i budsjettarbeidet. Avvik på heimetenestene i negativ art, er openbar i 2016.

For at pleie- og omsorgsavdelinga skal kome i balanse samla sett, er vi avhengig av mindre press på sjukeheimen ut året, men samstundes nok aktivitet til at vi ikkje får svikt i budsjetterte vederlagsinntekter.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Bu- og habiliteringsavdelinga har eit lite positivt avvik per d.d. Desse pengane vil gå til interne overføringer og som betaling til andre kommunar ved slutten av året. Per i dag ser det ut til å gå i balanse ved årsslutt.

Sosial og flyktning

Når det gjeld sosial og flyktning er det eit negativt avvik. Meirforbruket har kome fram ved at det er eit meirforbruk innan sosialhjelp. Budsjettet har nok ikkje her vore i tråd med den utviklinga som har vore på området over tid. Arbeidsledigheita har og stege og det har igjen medført auka utbetalningar til sosialhjelp. Behovet for støttekontakt har og vore stort i år og det er også her eit meirforbruk.

I tillegg til dette er det slik at alle inntektene som vil kome med omsyn til mellom anna mottak av flyktningar ikkje er ført så langt.

Samla sett vil eg like vel ikkje kunne si anna no enn at det ligg an til eit meirforbruk innan dette området.

Kulturavdelinga

Rekneskapen pr. juli 2016 viser eit netto forbruk på dei ulike tenesteområda på ca 47 % av samla nettoramme. På fleire tenesteområde står det att overføringar, tilskot, refusjonskrav. Prognosane for kulturavdelinga tyder på budsjettbalanse ved årsslutt.

Utviklingsavdelinga

Denne rapporteringa gjeld Utviklingsavdelinga, Men kommentarane under gjeld også for ansvar 51 som tidlegare var Anleggs- og driftsavdelinga.

Hovudårsak til avvik mellom rekneskap og budsjett er :

- mindreutgifter kjøp av varer og lønn tenester (lisenser)
- mindre inntekter enn budsjettert
- refusjon sjukelønn.

Konklusjon:

Totalsituasjonen er god, under kontroll og området vil gå i balanse.

Anleggs- og driftsavdelinga

Her tek ein berre føre seg Brannverndelen av budsjettet då det andre er kommentert under Utviklingsavdelinga

Ansvar 5061 Brannvern

Rekneskapen syner eit meirforbruk i forhold til periodisert budsjett på 347' kroner. Etter justering av intern føring (inntekter som skal overførast frå feiing) er meirforbruket 260' kroner.

Det må på årsbasis påreknast eit meirforbruk då ein har store kostnader med kursing som vi MÅ gjennomføre. Var gjort merksam ved budsjetthandsaminga. Kor stort meirforbruket vil bli er vanskeleg å sei pr. dato, men eg reknar med minst 500'.

Ansvar 5062 Feiing

Rekneskapen viser eit meirforbruk på 122' kroner. Kostnadene vil bli dekt inn ved eigedomsavgifter og fond og vil ikkje belaste netto driftskostnad på årsbasis.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga samla sett ser pr. rapporteringsdato ut til å gå i balanse ved årsskiftet men budsjettmidlar avsett til uføresette hendingar er pr rapporteringsdato brukt opp. Dette inneber at eigedomsavdelinga vert nødt til å omprioritere budsjettmidlar internt for å unngå meirforbruk. Dette kan innebere at planlagde vedlikehaldstiltak vert sett på vent, men også at unytta budsjettmidlar til reinhald vert overført til budsjettposten for uføresette hendingar. Dette vert vurdert internt no og med meir utfyllande rapportering deretter.

Samhandlingsreforma

Herøy kommune hadde omlag 3,05 mill kr i tilskott frå fylket/fylkesmannen frå tidlegare år som vart utbetalt i år. Det vil seie at dette ansvarsområdet vil kunne gå med eit mindreforbruk på minimum 2,5 mill kr i år. Og då slepp ein å bruke av bunde fond øyeblikkeleg hjelp i tillegg (omlag 2,2 mill ved årsskiftet 2015/2016).

Skatt, ramme, finans, tilskot

Skatteinntektene er noko mindre enn budsjettert. Sjølv om vi hittil i år har hatt ein vekst i desse inntektene er ikkje veksten så stor som forutsett i statsbudsjettet. Vi kan få ei mindreinntekt her på mellom 8,0 og 10,0 mill kr basert på statistikken per 31. julli. Gitt at veksten på landsbasis blir som forventa i statsbudsjettet vil vi då få kompensert 60% av våre reduserte skatteinntekter gjennom auk rammetilskott - dvs mellom 4,8 og 6,0 mill kr - dvs ei mindreinntekt på mellom 3,2 og 4,0 mill kr.

Når det gjeld renteinntektene vil dei bli mindre enn budsjettert pga at ny bankavtale ikkje er så god som den gamle på dette området. Det er også slik at vi ikkje har hatt den avkastninga på aktiv forvaltning som budsjettert så langt i år (dårlegare på aksjar, men betre på renteinstrument).

Samla pensjonskostnadar er det vanskeleg å forutsjå. Vi har rekna med eit pensjonsavvik på 14,9 mill kr ("inntekt"). I tillegg har ein saldert budsjettet med ulike innsparingar i avdelingane på 2,1 mill kr.

Når det gjeld rentekostnadar og avdragskostnadar voner vi på samsvar mellom budsjett og rekneskap.

Totalt sett er vi like usikre her som tidlegare år og slik det ser ut no vil resultatet bli lavare netto driftsinntekter her enn budsjettert.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/1091
		Arkiv:	020

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
188/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

KOSTRA- ANALYSE. SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON.

Tilråding:

Kommunestyret ber om at prioriteringssignala vert innarbeidde i framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde

Vedlegg:

- KOSTRA- analyse. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.
- KOSTRA. Utvalde nøkkeltal

Saksopplysningar:

KS Konsulent gjennomførte ei KOSTRA- analyse av kommunen i 2015 basert på rekneskapen for 2013. Analysen viste at Herøy kommune stort sett på alle område ser ut til å vere ein svært effektivt driven kommune. Nettokostnaden har relativt sett gått ned over tid (mål i forhold til utviklinga på landsgjennomsnittet) på alle store tenesteområde. Oppsummert var det tre område som skilte seg ut

- Høge kostnader til helse
- Høge kostnader til kyrkje og kultur
- Generelt sett svært lave brukarbetalingar/gebyr

I samband med rekneskapen for 2015 bad eg kommunerevisjonen om å gjennomføre ein nærare analyse av enkelte nøkkeltal i KOSTRA. Denne analysen fylgde årsrapporten for 2015. Analysen vert likevel lagt fram på nytt som ein del av grunnlaget for budsjettprosessen. Analysen omfattar

- Kommunehelsetenesta
- Administrasjon og styring
- Sosialtenesta
- Barneverntenesta

Eg siterer fylgjande frå rapporten frå KS Konsulent frå 2015:

«KOSTRA vurderer ikke kvaliteten på de tjenestene som gis eller om brukerne er fornøyde eller ikke. KOSTRA sier heller ikke noe om hvorvidt kommunen har valgt et riktig nivå eller omfang på tjenestene sine – altså ingen ting om hva som er rett eller galt. Denne vurderingen må kommunen gjøre selv ut fra den kunnskapen man har om sine brukere. Man kan imidlertid være oppmerksom på at det nivå man har på tjenestene, antakelig er et nivå som har utviklet seg over tid, og som et resultat av en subjektiv praksis som har utviklet seg i Herøy kommune, og som gjør at man i andre kommuner og andre miljøer ville vurdert annerledes for tilsvarende bistandsnivå og omfang, noe som igjen påvirker ressursbruken. For selv om det tilsynelatende kan se ut til å være små forskjeller i krone og øre sammenlignet med andre kommuner, kan dette utgjøre betydelige summer når vi ganger differansen pr bruker opp med antall brukere i systemet. Det viktigste er imidlertid at Herøy kommune selv gjør seg opp en mening om hvilket nivå på tjenestene som er «godt nok», med de konsekvenser det får for kommunens totaløkonomi og øvrig tjenestetilbud, og at dette ikke baserer seg på tro, men på faktisk kunnskap.»

Vurdering og konklusjon:

KOSTRA- analysen vert med dette lagt fram som grunnlag for innleiande drøftingar og prioriteringar i budsjettprosessen.

Fosnavåg, 12.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå



SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Innholdsfortegnelse

Analyse av nøkkeltal	1
frå statistisk sentralbyrå	1
SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS.....	1
Analyse av nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå	3
Kapittel 2 Kommunehelsetenesta:	4
2.1 KOSTRA	4
2.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	5
2.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	5
2.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse.....	6
Kapittel 3 Administrasjon og styring:	9
3.1 KOSTRA	9
3.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	9
3.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	9
3.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse.....	12
Kapittel 4 Sosialtenesta:	13
4.1 KOSTRA	13
4.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	14
4.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	14
4.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse.....	15
Kapittel 5 Barnevernstenesta:	17
5.1 KOSTRA	17
5.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	18
5.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	18
5.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse.....	20

Ulsteinvik 30.04.16

Alf Marius Grønnevik
Forvaltningsrevisor

Analyse av nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå

Herøy kommune, ved adm. ønske ei analyse av fire utvalde nøkkeltal frå SSB. Bakgrunnen for dette var høge kostnader på enkelte områder samanlikna med gjennomsnittet for land og fylke, samt nabokommunar på Søre Sunnmøre. Dette var kommunehelsetenesta, administrasjon og styring, sosialtenesta og barnevernstenesta. Dette passa inn i planane våre mht overordna analyse, og vert ein del av den.

I tabellen nedanfor ser vi på desse finansielle nøkkeltala ved samanlikning av kommunane på Søre Sunnmøre:

	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Sande	Vanylven
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	2514	2268	1885	2015	2053	3338	3031
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring i kr. Pr. innb.	4469	3665	5695	4455	3469	6963	5821
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innbyggjar 20-66 år	2428	2207	1761	1903	1838	1011	2541
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år barnevernstenesta	6482	8723	8209	7889	7744	4230	11400

Tabellen viser at Sande og Vanylven har dei høgaste utgiftene pr innbyggjar knytt til kommunehelseteneste med hhv 3338 kr og 3031 kr pr innbyggjar. Hareid er den lågaste med 1885 kr. Dei andre kommunane varierer frå 2015 kr til 2514 kr pr innbyggjar der Herøy er den som brukar mest av desse.

I høve administrasjon og styring har og Sande og Vanylven dei høgste utgiftene pr innbyggjar, hhv 6963 kr og 5821 kr med Hareid «midt på treet» 5695 kr. Ørsta er den kommunen med lågaste adm. utgifter 3469 kr, Ulstein 3556 kr, og Volda og Herøy på same nivå 4455 kr pr innbyggjar.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar 20-66 år til sosialtenesta viser at Sande kjem særst gunstig ut med berre 1011 kr pr innbyggjar i denne aldersgruppa. Vanylven brukar mest med 2541 kr, og deretter Herøy med 2428 kr, og Ulstein med 2207 kr, Volda 1903 kr, Ørsta 1838 kr og Hareid «midt på treet» også her med 1761 pr innbyggjar,.

Når det gjeld barnevernsutgifter viser tala at Vanylven brukar desidert mest med 11400 kr pr innbyggjar 0-17 år. Deretter kjem Ulstein med 8723 kr, og med Hareid 8209 kr, Volda 7889 kr og Ørsta 7744 kr. Herøy har dei desidert lågaste utgiftene med 6482 kr, og her skal det

nemnast at Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta er knytt til det felles interkommunale barnevernet.

Kapittel 2 Kommunehelsetenesta:


2.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve kommunehelseteneste er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 232 «Førebygging, skule- og helsestasjonsteneste», 233 «Førebyggjande arbeid, helse og sosial» og 241 «Diagnose, behandling, rehabilitering». Tala omfattar driftsutgiftene inkludert avskrivningar, minus driftsinntektene. Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert og er henta frå kommunen sitt rekneskap. Formelen som har vore nytta av SSB går fram nedanfor:

Netto driftsutgifter pr innbygger i kroner til kommunehelsetjenesten, konsern = (Netto driftsutgifter, funksjonene 232, 233 og 241/folkemengd i alt) 1000*

Oversikta viser nedanfor viser utviklinga av driftsutgifter pr. innbyggjar for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en markant auke i netto driftsutgifter.

Tidsserie



2.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

2.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til den ein skilde kommune og gjort samanlikningar meda tala frå dei andre kommunane. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 232, 233 og 241 som vert rapportert under omgrepet kommunehelseteneste.

Ein har også samanlikna rekneskapstala med utgiftene som er rapportert i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Siste kolonne i tabellen under viser ein mindre differansar mellom rekneskapstala som ein har henta ut i forhold til kva som har vore rapportert i KOSTRA. Differansen kan skuldast feilrapportering, ikkje oppdatert rapportering i KOSTRA eller at det kan vere nytta litt forskjellig innbyggjartal.

	Innbyggjarar 2015	232 Førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste	Pr. innbyggjar	233 Annet forebyggende helsearbeid	Pr. innbyggjar	241 Diagnose, behandling, re- habilitering	Pr. innbyggjar	SUM (232+233+241)	SUM rekneskap pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarapportering
Herøy	8934	5 096 598	570	1 105 629	124	16 234 248	1 817	22 436 475	2 511	2 516	5
Ulstein	8292	6 183 332	746	1 311 648	158	11 378 153	1 372	18 873 133	2 276	2 268	8
Ørsta	10589	5 689 410	537	1 403 493	133	15 079 758	1 424	22 172 661	2 094	2 053	41
Volda	8977	4 672 596	521	1 773 486	198	13 730 644	1 530	20 176 726	2 248	2 268	20
Hareid	5065	2 660 406	525	1 319 247	260	5 736 230	1 133	9 715 883	1 918	1 885	33
Sande	2635	1 117 235	424	259 946	99	7 161 890	2 718	8 539 071	3 241	3 338	97
Vanylven	3258	1 638 502	503	363 465	112	8 015 548	2 460	10 017 515	3 075	3 031	44

232. Førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste:

På funksjon 232 skal all helsestasjonsteneste rapporterast, også helsestasjon for ungdom, og all skulehelseteneste (grunn- og vidaregåande skule). Dette omfatta bl.a.

foreldreveiledningsgrupper, annen grupperetta helsestasjonsteneste, jordmorteneste og svangerskapskontroll samt barselomsorg.

Ein registrerte til dels store forskjellar mellom kommunane. Ulstein hadde dei høgaste utgiftene knytt til funksjonen med 746 kr pr. innbyggjar, totalt 6 183 332 kr. Sande hadde dei lågaste med 424 kr pr. innbyggjar, totalt 1 117 235 kr. Herøy brukar 570 kr pr. innbyggjar, totalt ca 5,1 millionar knytt til denne funksjonen. Dei andre kommunane brukar mellom 503 kr—537 kr pr innbyggjar. Her kan ligge betydeleg innsparingspotensiale, spesielt for Ulstein.

233 Anna førebyggjande helsearbeid:

Denne funksjonen omfattar anna førebyggjande helsearbeid enn helsestasjons- og skulehelseteneste, bl.a. arbeid knytt til:

- Miljøretta helsevern, bedriftshelseteneste og anna førebyggjande arbeid etter helse og omsorgsloven § 3-3 og folkehelseloven § 8.
- Programmer/kontroller (screening), teknisk/hygienisk personell, opplysning/kampanje.
- Helsestasjon for eldre.
- Helsestasjon for innvandrarak
- Frisklivssentral

Til dette arbeidet har Hareid dei høgste utgiftene med 260 ,- pr innbyggjar , totalt 1,3 mill. Sande og Vanylven hadde dei lågaste utgiftene med hhv 99 pr innbyggjar, totalt 259 946kr og 112,- pr innbyggjar, totalt 363 465 kr i Vanylven.

Dei fire største kommunane brukar følgjande ; Herøy 124 kr pr innbyggjar, totalt 1,1 mill, Ørsta 133,- pr innbyggjar, totalt 1,4 mill, Ulstein 158,- pr innbyggjar, totalt 1,3 mill og Volda 198,- kr pr. innbyggjar

241 Diagnose, behandling, rehabilitering

Til funksjon 241 skal utgifter til allmennmedisin førast. Dette gjeld:

- *Basistilskudd fastleger per kapitilskudd*
- *Kommunale legekantor inkludert sykepleiere og annet personell på helsesenter/legekantor*
- *Legevakt*
- *Fengselshelsetjenesten*
- *Turnusleger (for eksempel tilskudd og utgifter til veiledning)*
- *Fysioterapi (med avtale og kommunalt ansatte i fysioterapi praksis)*
- *Ergoterapi*
- *Hjelpefunksjoner til fysioterapeuter og ergoterapeuter.*
- *Formidling av hjelpemidler (ekskl. arbeidsinnsats knyttet til vurdering/utplassering av hjelpemidler som utføres av personell knyttet til funksjonene 234, 253 eller 254)*
- *Tilskudd til Norsk Pasientskadeerstatning*

Det er på denne funksjonen ein finn dei største utgiftene knytt til kommunehelsetenesta. Hareid hadde dei desidert lågaste utgiftene pr. innbyggjar med 1133 kr pr. innbyggjar, totalt 5,7 mill. Sande og Vanylven hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar 2718 kr pr. innbyggjar i Sande (totalt 7,2 mill) og 2460 kr pr. innbyggjar i Vanylven (totalt 8,0 mill). Herøy hadde ei utgift på 1817 kr pr innbyggjar, medan dei andre mellomstore kommunane brukte frå 1372 kr – 1530 kr pr innbyggjar. Her kan ligge betydeleg innsparingspotensiale.

2.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse

På neste side har ein gått vidare inn på dei tre funksjonane 232 Førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste, 233 Anna førebyggjande helsearbeid og 241 Diagnose, behandling,

rehabilitering og sett på korleis kostnadane har fordelt seg på dei ulike kontoklassene. Ein har delt inn i 9 forskjellige kontoklasser :

- *0 Lønn inkl.sosiale utgifter,*
- *1 Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egenproduksjon,*
- *3 Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjon,*
- *4 Overføringer til andre,*
- *5 Finansieringsutgifter,*
- *6 Salsinntekter,*
- *7 Refusjonar,*
- *8 Overføringer til andre,*
- *9 Finansieringsinntekter.*

Oversikta på neste side viser korleis utgiftene og inntektene som resulterer i netto driftsutgifter er fordelt på dei ulike funksjonane. Det er ikkje gått vidare i analysa på kva som er årsaka til dei betydelege forskjellane som går fram av rekneskapsinformasjonen både med hensyn til lønsutgifter, kjøp av varer og tenester og salsinntekter/refusjonar.

Funksjon	Kontrollklasser	Hverv	Kostn. pr innbyggjar	Hareid	Kostn. pr innbyggjar	Ørsta	Kostn. pr innbyggjar	Ulstein	Kostn. pr innbyggjar	Volda	Kostn. pr innbyggjar	Sande	Kostn. pr innbyggjar	Vanylven	Kostn. pr innbyggjar
	innbyggjarar 2015	8934		5065		10589		8292		8977		2635		3258	
0	Lønn inkl sosiale utgifter	4257833	477	2245159	443	5283873	499	5915637	713	5382160	600	952337	361	1745750	536
1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	396347	44	137777	27	814338	77	342799	41	518567	58	106859	41	69191	21
3	Kjøp av tjenester som erstatter komm.egenproduksjo	468452	52	293232	58	112641	11	1551181	187	88303	10	97432	37	0	0
4	Overføringer til andre	199204	22	29158	6	124594	12	59554	7	36341	4	12237	5	12286	4
5	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	222741	21	19410	2	256032	29	6280	2	0	0
6	Saksinntekter	-121872	-14	-9801	-2	-442951	-42	-8080	-1	-479615	-53	-30901	-12	-39416	-12
7	Refusjonar	-87204	-10	-35119	-7	-419825	-40	-1465960	-177	-1052409	-117	-12237	-5	-149310	-46
8	Overføringer til andre	-1663	0	0	0	-6000	-1	0	0	0	0	-14772	-6	0	0
9	Finansieringsinntekter	-14500	-2	0	0	0	0	-231209	-28	-76783	-9	0	0	0	0
	SUM	5096598	570	2660406	525	5689410	537	6183332	746	4672596	521	1117235	424	1638501	503
0	Lønn inkl sosiale utgifter	1363500	153	1414891	279	439862	42	2173674	262	691803	77	38379	145	915887	281
1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	270804	30	9126	2	333399	31	132339	16	145662	16	0	0	2226	1
3	Kjøp av tjenester som erstatter komm.egenproduksjo	185758	21	167214	33	749869	71	458883	55	778350	87	1604	1	0	0
4	Overføringer til andre	41137	5	20346	4	70701	7	13372	2	21801	2	0	0	291	0
5	Finansieringsutgifter	44907	5	0	0	0	0	0	0	500000	56	0	0	135000	48
6	Saksinntekter	-406568	-46	-199752	-39	0	0	-7588	-1	-44150	-5	-37	0	0	0
7	Refusjonar	-226617	-25	-92579	-18	-15345	-14	-605974	-73	-269711	-30	0	0	-694740	-213
8	Overføringer til andre	-155000	-17	0	0	0	0	-853057	-103	0	0	-125000	-47	-15000	-5
9	Finansieringsinntekter	-12292	-1	0	0	-36992	-3	0	0	-50269	-6	0	0	0	0
	SUM	1105629	124	1319247	260	1403493	133	1311648	158	1773486	198	259946	99	363464	112
0	Lønn inkl sosiale utgifter	10047524	1125	1131463	223	5976653	564	994390	120	13661098	1522	3325201	1262	6167401	1893
1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	6481160	725	54490	11	3640153	344	33339	4	3502220	390	1470402	558	2611348	802
3	Kjøp av tjenester som erstatter komm.egenproduksjo	10296037	1152	4937637	975	2789277	263	11161480	1346	8340798	929	3583607	1360	919697	282
4	Overføringer til andre	1116048	126	7896	2	4982501	471	3762	0	117324	13	338112	128	241819	74
5	Finansieringsutgifter	1688642	189	27389	5	440768	42	108585	13	55350	6	108217	41	179649	55
6	Saksinntekter	-9983417	-1117	-480	0	-616841	-58	0	0	-283714	-32	-141867	-54	-255583	-78
7	Refusjonar	-2111606	-236	-422165	-83	-2132753	-201	-925402	-112	-10860419	-1210	-1521784	-578	-1848617	-567
8	Overføringer fra andre	-610000	-68	0	0	0	0	0	0	-719671	-84	0	0	0	0
9	Finansieringsinntekter	-700140	-78	0	0	0	0	0	0	-52341	-6	0	0	-167	0
	SUM	16234248	1817	5736230	1133	15079758	1424	11378153	1372	13730645	1530	7161888	2718	8015547	2460


Kapittel 3 Administrasjon og styring:

3.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve administrasjon og styring er basert på netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar og er knytt til funksjonane 100 politisk styring, 110 kontroll og revisjon, 120 administrasjon, 121 Forvaltningsutgifter i eideomsforvaltninga, og 130 Administrasjonslokale. Innanfor funksjon 120 administrasjon inngår bla. administrativ leing, fordeling av andel leiarstilling, stab/støttefunksjonar, fellesfunksjonar og fellesutgifter.

Oversikta viser nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter pr. innbyggjar for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-1H2015. I dei fleste tilfelle såg ein en auke i netto driftsutgifter. Spesielt Sande, Vanylven og Hareid har hatt ein markant auke i perioden.

Tidsserie



3.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

3.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala med kvarandre. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 100 «politisk styring», 110 «kontroll og revisjon», 120 «administrasjon», 121 «eideomsforvaltning» og 130 «administrasjonslokale». Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Som siste kolonne i tabellen under viser, såg ein mindre differansar mellom rekneskapstala som ein har henta ut og kva som har

vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid. Differansen kan skuldast feilrapportering eller forskjellig grunnlag i høve innbyggjarar.

	Innbyggjarar 2015	100 Politisk styring	Pr. innbyggjar	110 Kontroll og revisjon	Pr. innbyggjar	120 Administrasjo n	Pr. innbyggjar	121 Eigedomstovr altning	Pr. innbyggjar	130 Administrasjo nslokaler	Pr. innbyggjar	SUM (100+110+120+121+130)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom relasjon og
Herøy	8934	3 761 540	421	647 265	72	34 046 086	3 811	164 415	18	1 247 826	140	39 867 132	4 462	4 469	7
Ulstein	8292	3 314 244	400	664 201	80	25 192 676	3 038	260	0	1 138 177	137	30 309 558	3 655	3 655	0
Ørsta	10589	5 238 345	495	332 540	31	27 561 143	2 603	1 723 652	163	2 036 572	192	36 892 252	3 484	3 469	15
Volda	8977	3 100 714	345	617 466	69	30 588 273	3 407	1 687 792	188	3 839 456	428	39 833 701	4 437	4 455	18
Hareid	5065	1 995 627	394	601 692	119	24 714 263	4 879	40 815	8	2 486 785	491	29 839 182	5 891	5 695	196
Sande	2635	2 326 943	883	534 968	203	14 133 777	5 364	89 812	34	1 081 414	410	18 166 914	6 894	6 963	69
Vanylven	3258	2 250 672	691	497 876	153	14 745 375	4 526	541 503	166	674 003	207	18 709 429	5 743	5 821	78

100. Politisk styring:

Funksjon 100 gjeld godtgjersje til folkevalde, inkl. utgifter knytt til møteavvikling, representasjonsutgifter, befarings/høyringar mm. arrangert av folkevalde organ (utval/nemnder/komitear), partistøtte og utgifter til valavvikling.

Ein registrerte til dels store forskjellar mellom kommunane. Sande hadde dei høgaste utgiftene knytt til funksjonen pr innbyggjar med 883kr og Volda hadde dei lågaste med 345 kr pr innbyggjar. Herøy hadde 421 kr pr. innbyggjar (totalt ca 3,7 millionar) knytt til funksjonen. Vanylven hadde også høge utgifter med 691 kr pr. innbyggjar. Ørsta hadde 495kr pr. innbyggjar.

110. Kontroll og revisjon:

Utgifter og inntekter knytt til kommunen sitt kontrollutval etter kommunelova § 77 og revisjon etter kommunelova § 78. Herunder møtegodtgjersle og andre utgifter knytt til møteavvikling i kontrollutvalet, utgifter knytt til kontrollutvalssekretariatet, og utgifter knytt til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfattar ikkje administrative internkontrollsystem som er underlagt administrasjonssjefen

Ein registrerte om lag like store utgifter (ca mellom 500 000 - 665 000 kr) knytt til funksjonen i dei fleste kommunane for utanom Ørsta som hadde 332 540 kr dette utgjorde 31 kr pr innbyggjar. Dette må ha samanheng med at enten berre kontrollutvalstenesta eller revisjonstenesta er ført på funksjonen. Sande og Vanylven hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar med hhv 203 kr og 153 kr.

120 Administrasjon:

Funksjon 120 administrasjon omfattar ein stor del mindre funksjonar og kan delast inn slik:

(1) Administrativ leiding, (2) Fordeling av andel leiarstillingar, (3) Stab/støttefunksjoner, (4) Fellesfunksjoner, (5) Fellesutgifter.

Administrasjonsfunksjonen er naturlegvis den funksjonen ein såg dei største totale utgiftene ved alle kommunane i rapportering av administrasjon og styring.

Ein registrerte derimot store forskjellar mellom kommunen, der ein såg store innsparingsmoglegheiter for enkelte og spesielt dei minste kommunane. Sande, Hareid og Vanylven hadde hhv. 5364kr, 4879kr og 4526 kr pr innbyggjar. Herøy hadde ca 34 mill kr i totale utgifter som utgjorde 3 811 kr pr. innbyggjar. Dette er ca 9 mill høgare enn Ulstein (25,2 mill kr) som hadde 3038kr pr. innbyggjar. Ørsta hadde 2603kr pr. innbyggjar, og Volda 3407 kr pr. innbyggjar.

121 Eigedomshandling:

Her vert det ført utgifter knytt til handling av kommunen sine bygg og eigedom. Dette omfattar aktivitetar i eigedomshandlinga knytt til leiding og administrasjon, forsikringar av bygg og pålagte skatter og avgifter knytt til bygg, og som typisk er forbruksuavhengig av om bygget er i drift eller ikkje.

Den funksjonen ein såg dei lågaste utgiftene. Både Herøy Hareid, Sande og Ulstein hadde ubetydelege utgifter knytt til denne funksjonen. I Ørsta og Volda og Vanylven var det utgiftsført frå ca 160-190kr pr innbyggjar. Dette utgjorde ca 1,7 millionar kr i Ørsta og Volda og 674 003kr i Vanylven. Her kan det nemnast at Ulstein har skilt ut denne funksjonen i eit eige eigedomsselskap.

130 Administrasjonslokale:

På funksjon 130 skal utgifter til drift og vedlikehald av lokale (med tilhøyrande tekniske anlegg og utandørsanlegg) som vert nytta til oppgåver under funksjonane 100, 110, 120 og 121.

Dette omfattar lønn mv. til eige drifts-/vedlikehaldspersonell, innkjøp av materiell og utstyr til drift og vedlikehald, og kjøp av drifts-/vedlikehaldstenester (eksempelvis vaktmeistertenester, snørydding, reinhaldsavtaler, serviceavtaler på tekniske anlegg, avtaler om vakthold og tilsyn mv.) som er knytt til administrasjonslokale. Avskrivingar av egne bygg omfattas også. Som driftsaktivitetar reknast løpende drift, reinhald, vakthold, sikring, energi og vann, avløp og renovasjon.

Volda hadde dei høgaste utgiftene knytt til denne funksjonen (3 839 456 kr) som utgjorde 428 kr pr innbyggjar. Hareid hadde dei høgaste utgiftene pr. innbyggjar med 491 kr. Herøy og Ulstein hadde dei lågaste utgiftene med hhv. 140 kr pr. innbyggjar og 137 kr pr. innbyggjar. Sande og Vanylven hadde hhv. 410 kr og 207 kr pr. innbyggjar.

3.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse

Funksjon	Kontoklasser	Hverry	Kostn. pr inbyggjar	Hareid	Kostn. pr inbyggjar	Øysa	Kostn. pr inbyggjar	Utstein	Kostn. pr inbyggjar	Veita	Kostn. pr inbyggjar	Sande	Kostn. pr inbyggjar	Vannhøi	Kostn. pr inbyggjar
01	100	Lønn inkl sosiale utgifter	2735836	313	1589680	314	3688887	348	2604273	314	2140171	238	1538746	594	1603508
1	100	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm. egen	1189434	130	289419	57	1345104	127	626730	76	640867	7	820087	311	533173
3	100	Kjøp av tjenester som erstatte komm. egenprodukt	11833	1	53034	10	18710	2	23652	3	0	0	5656	2	4580
4	100	Overføringer til ande	238969	27	58503	19	245265	23	244393	30	15513	17	93131	35	132382
5	100	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	42145	4	513	0	237358	26	17	0	132382
6	100	Saksutgifter	-15841	-2	-600	0	-260	0	-4124	0	0	0	-3780	-1	-1720
7	100	Refusjoner	-134164	-22	-34408	-7	-88631	-8	-181935	-22	-72795	-8	-126935	-48	-57225
8	100	Overføringer til ande	-238594	-27	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9	100	Finansieringsinntekter	0	0	0	-12000	0	-1	0	0	0	0	0	0	0
SLM	SLM	3761539	421	1956628	394	5238344	495	3314245	0	3100714	345	2326942	0	2243867	631
01	110	Lønn inkl sosiale utgifter	1653	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
1	110	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm. egen	4400	1	1995	0	2000	0	1574	0	4400	0	1700	1	0
3	110	Kjøp av tjenester som erstatte komm. egenprodukt	653390	73	620353	122	330540	31	717880	87	70812	79	533262	202	487876
4	110	Overføringer til ande	0	0	0	0	0	0	394	0	0	0	0	0	0
5	110	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
6	110	Saksutgifter	-12184	-1	0	0	0	0	-36253	-4	-37746	-11	0	0	0
7	110	Refusjoner	0	0	-20656	-4	0	0	-18394	-2	0	0	0	0	0
8	110	Overføringer til ande	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9	110	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SLM	SLM	647285	72	601632	119	332540	31	684202	80	617466	69	534962	203	497876	153
01	120	Lønn inkl sosiale utgifter	28455343	3185	21884323	4317	23230615	2194	1941415	2351	25166515	2803	10219470	3878	12913888
1	120	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm. egen	10274022	1150	14266066	2875	8801370	812	7207092	883	6311765	703	2500772	945	3240074
3	120	Kjøp av tjenester som erstatte komm. egenprodukt	2316457	259	3263663	642	639529	86	2963753	357	2195146	245	1433003	434	987406
4	120	Overføringer til ande	1227925	137	2755417	426	1262484	119	1288681	155	1346036	160	478820	182	142643
5	120	Finansieringsutgifter	2288542	256	1403793	277	1572014	148	543706	65	1301064	212	1326031	503	286326
6	120	Saksutgifter	-4380650	-490	-4330543	-855	-1594011	-151	-860248	-104	-1749061	-156	-178711	-168	-1080704
7	120	Refusjoner	-4805168	-538	-13888987	-2742	-5132731	-547	-4182654	-577	-3722501	-415	-1356603	-515	-2807294
8	120	Overføringer fra ande	-1176176	-132	570	0	-306045	-29	-200000	-24	-441711	-49	0	0	0
9	120	Finansieringsinntekter	-154208	-17	0	0	-111221	-11	-455869	-55	-413983	-47	0	0	-2
SLM	SLM	34048086	3811	24714262	4879	2756143	2603	25192677	3038	30588274	3407	14133776	5364	14742343	4525
01	121	Lønn inkl sosiale utgifter	0	0	56240	11	787530	74	0	0	1388317	155	333865	143	430972
1	121	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm. egen	0	0	95	0	935357	88	0	0	439171	58	-4053	-2	34533
3	121	Kjøp av tjenester som erstatte komm. egenprodukt	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	11
4	121	Overføringer til ande	0	0	0	0	13034	2	0	0	107812	12	0	0	52
5	121	Finansieringsutgifter	164415	18	0	0	0	0	0	0	115450	13	0	0	11558
6	121	Saksutgifter	0	0	0	0	0	0	260	0	-115472	-19	-300000	-14	0
7	121	Refusjoner	0	0	-15520	-3	-18363	-2	0	0	-25375	-28	0	0	-52
8	121	Overføringer fra ande	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Utgangspunktet er at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017.

Prosjektorganisering:

Prosjektleiing:

Rådmann

Styringsgruppe:

Rådmann, 2 HTV og HVO.

Arbeidsgrupper:

Det vart oppretta 4 arbeidsgrupper med representasjon frå leiing, tillitsvalde og verneombod for å utgreie fordeler og ulemper ved ulike organisasjonsmodellar, jfr. vedlegg. Arbeidsgruppene fekk frist til 31.05.2016 til å kome med si innstilling. Deretter har innstillinga frå arbeidsgruppene vore drøfta i rådmannen si leiargruppe og i møte mellom styringsgruppa og arbeidsgruppene, jfr. Prosessnotat.

Arbeidsgruppene har gjort eit grundig arbeid gjennom eigne SWOT-analyser, innhenting av røynsler frå andre kommunar, tilsynsetatar m.m. der det har kome fram ulike synspunkt. Fordelane som har vore trekt fram ved å samle til større einingar, er m.a. at det kan verte enklare å koordinere tenester for brukaren på tvers av fagfelt (mindre «silo»/avdelingstenking). Det vert også trekt fram at det kan føre til betre kjennskap til kvarandre sitt fagfelt, og at koordinering av planarbeid, strategisk leiing og utvikling kan verte enklare med større einingar.

Når det gjeld ulempene ved større einingar, vert det gjennomgåande trekt fram at ein er redd for stor avstand mellom tenesteytinga og overordna leiing. Vidare er det peikt på at enkelte mindre tenesteområde kan «drukne» i eit fellesskap med større og meir einsarta fagfelt. Ein er også redd for at det som fungerer godt i dagens struktur, skal verte øydelagt.

Når det gjeld Utvikling, Eigedom og Kultur spesielt, har arbeidsgruppa kome til at det ikkje er føremålstenleg å slå avdelingane saman til ei avdeling med slik grunngjeving:

1. Det bør vere eit klart og tydeleg skilje mellom kommunen som eigedsforvaltar og utbyggjar på den eine sida og kommunen som offentleg myndighet knytt til byggesak, brann m.v. på den andre sida.
2. Det bør vere samanheng og grensesnitt mellom ansvarsområda i dei avdelingane som slår seg saman. Dei særlege samanhengane mellom kulturavdelinga og eigedsavdelinga er i den samanheng vanskeleg å sjå.

Alternativa er då at Eigedom vert ståande åleine eller går inn i ei stabsavdeling (Eigedom yter i hovudsak interne tenester).

Styringsgruppa for organisasjonsendring konkludert i møte 08.08.2016 i forhold til overordna organisering. Styringsgruppa sin konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa. Konklusjonen er at ein går over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, Buhab og Barn, familie og helse.

Oppvekst

Omfattar dagens avdelingar for skule og barnehage.

Samfunnsutvikling

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab

Omfattar dagens avdelingar for

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen legg med dette fram hovudlinene i endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen. Konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa. Endringane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Tilsetting i kommunalsjefstillingane vil skje etter intern utlysing. Personkabalene vil mellom anna også vere avhengig av avklaring i forhold til rådmannsstillinga.

Når kommunalsjefane er på plass, vil strukturen under kommunalsjefane stå for tur. Her må ein også involvere tillitsvalde og verneombod. I denne prosessen må ein sikre at ein når målet med organisasjonsendringa utan at det som fungerer godt i dagens struktur, skal verte øydelagt.

Det er grunn til å understreke at dette er endring av hovudstrukturen. Administrasjonen må løpande vurdere om det må gjerast justeringar slik at organisasjonen til ei kvar tid er best mogleg tilpassa dei oppgåvene ein skal løyse.

Konsekvensar for drift:

Rådmannen har ein klar ambisjon om at organisasjonsendringa skal gje ein effektiviseringsgevinst på sikt.

Fosnavåg, 10.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

ORGANISASJONSENDRING. PROSESSNOTAT.

Mandatet:

I K-sak 192/15 Vart det gjort slikt vedtak i pkt 10:

«Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU- midlar til dekning av kostnadene.»

Eg tek med frå saksutgreiinga side 15::

«Kommunen endra organisasjonsstrukturen i 2002/2003. Det vart då etablert servicetorg, stab/støtteavdelingar og tenesteavdelingane vart flata ut. Det var på dette tidspunktet nødvendig å bryte opp organisasjonen m.a. for å gje publikum betre service, samle stab/støttefunksjonane og for å kome tettare på dei ulike tenesteområda.

Tidene endrar seg. I dag er utfordringa at tenestene er for oppsplitta og det er for tette skott mellom avdelingane. Det er behov for ei sterkare koordinering av tenestene på tvers av avdelingsgrensene for å få til ei effektiv utnytting av dei administrative ressursane og tenesteressursane. Dette er bakgrunnen for at utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga vert slått saman til ei avdeling frå 01.01.2016. NAV og Barn, familie og helse vert også slått saman frå 01.01.2016.

Prosessen med organisasjonsendring bør halde fram med sikte på at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017. Dette arbeidet skal skje i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og rettane til dei tilsette må sikrast i prosessen.

Utfordringar:

- *Rigge kommuneorganisasjonen slik at den til ei kvar tid er best mogleg rusta til å løyse oppgåvene.»*

Vidare tek eg med frå side 18:

*«**Driftsutgiftene** er barberte ned til eit minimum. Det ser ut til å vere lite å hente dersom ein ikkje går på lønsutgiftene. Kommunen ser ut til å ha ein for høg bemanning i forhold til inntektene, og det ser ikkje ut som det er mogleg å få balanse mellom utgifter og inntekter utan at det vert gjennomført ein **reduksjon i lønsutgiftene/ nedbemanning**. Ei slik nedbemanning bør i hovudsak skje ved naturleg avgang.*

*For at ei slik nedbemanning skal kunne skje med minst mogleg konsekvensar for tenesteytinga, må personalressursane utnyttast meir fleksibelt og effektivt. Eg vil difor rå til at det vert gjennomført **organisatoriske endringar** i 2016 med samanslåing av tenesteområde slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i*

organisasjonen. Slike endringar kan vere krevjande, og eg rår til at det parallelt vert arbeidd med kompetanseutvikling, spesielt leiarutvikling og organisasjonsutvikling.»

Dette er den politiske bestillinga og grunnlaget for å sette i gang prosessen med sikte på endring i organisering.

Mål:

Målsetjinga for omorganiseringa kan då samanfattast og formulerast slik:

Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar.

Tidsfrist:

Utgangspunktet er at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017.

Prosjektorganisering:

Prosjektleiing:

Rådmann

Styringsgruppe:

Rådmann, 2 HTV og HVO.

Arbeidsgrupper:

Arbeidsgrupper etter behov der tillitsvalde også er representerte.

Framdriftsplan:

Fase 1 frå 01.01.2016-30.06.2016:

Oppgåve	Tid	Ansvar
Utarbeiding av prosessnotat.	Innan 20.01	Rådmann
Oppstart drøftingar leiargruppa	21. og 22.01.	
Orientering kontaktutvalet	27.01.	Rådmann
Opprette styringsgruppe	27.01	Rådmann
Dialog med leiarane enkeltvis (ism årsplan)	01.02, 02.02 og 03.02.	Rådmann
Opprette arbeidsgrupper	Innan utgangen av veke 8	Rådmann
Innstilling frå arbeidsgrupper	Innan utgangen av veke 21.	Arbeidsgrupper
Drøftingar i leiargruppa	24.06.16	Rådmannen
Drøftingar styringsgruppa og arbeidsgruppene	Veke 26	Styringsgruppa
Ny organisasjonsstruktur	08.08.16	Styringsgruppa
Kontaktmøte	31.08.16	Rådmannen
Ny organisasjonsstruktur	05.09.16	AMU
Ny organisasjonsstruktur	06.09.16	Formannskapet
Ny organisasjonsstruktur	29.09.16	Kommunestyret

Intern utlysing	Søknadsfrist ++10	Rådmann
Tilsetjing i nye stillingar	Innan ++.10	Rådmann

Fase 2

Implementering ny organisasjon: Ny organisasjon skal gjelde frå 01.01.2017. Førebuinga kan starte ca 01.11.16. Alle brikkene er noko ikkje på plass før eit stykke ut i 2017.

Premissar for prosessen:

- Leiarane er sikra stilling i Herøy kommune og får behalde noverande løn.
- Leiarane skal vere sikra lønsutvikling i samsvar med gjennomsnittleg lønsutvikling.
- Dei tilsette sine rettar skal sikrast i prosessen.
- Arbeidet skal skje i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar.

Olaus-Jon Kopperstad

ORGANISASJONSUTVIKLING

Oppretting av arbeidsgrupper.

Bakgrunnen for prosessen med organisasjonsutvikling er m.a.

- Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar
- Rådmannen si leiargruppe er for stor til å arbeide strategisk.

I SWOT- analysen og vidare arbeid i dei to gruppene har det kome fram at omorganisering ikkje løyser alle utfordringane, men utfordringane må finne si løysing gjennom meir kommunikasjon, samarbeid OG organisatoriske endringar.

I tillegg vil det vere behov for planar og prosedyrer for samhandling m.a.relatert til brukarar med samansette behov. Det vil også vere behov for tydelege leiarar både på toppnivå og nivået under med kunnskap, evne og vilje til å arbeide både strategisk for å utvikle gode avdelingar, samt operasjonelt for ei løysingorientert samhandling til beste for brukarane.

Så langt har det vore arbeidd grundig for å identifisere utfordringane i organisasjonen. Vidare i prosessen må det utgreiast kva for utfordringar som må finne si løysing gjennom organisatoriske endringar og kva for utfordringar som kan løysast ved meir kommunikasjon og samarbeid.

For å utgreie dei organisatoriske endringane, vert det opprette fylgjande arbeidsgrupper med slikt mandat og tidsfristar:

Arbeidsgruppe barn og unge (oppvekst):

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** ved å slå saman skuleavdelinga med eit eller fleire av tenestemråda barnehage, barnevern og helsestasjon. I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

- Leiar skuleavdelinga
- Leiar barnehageavdelinga
- Leiar BFH
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16

Arbeidsgruppe helse og omsorg:

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** ved å slå saman Pleie og omsorg, Buhab og BFH til ei eller to einingar. Gruppa skal særleg sjå på utfordringane i forhold til

- Koordinerande eining
- Prinsippet om generalist og spesialist
- Legetenesta sitt ansvar i forhold til samhandlande partar
- Koordinering av tenester til dei med store behov innanfor psykiatri, rus og/eller demens
- Støttekontakt

I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

- Leiar Pleie og omsorg
- Leiar Buhab
- Leiar BFH
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16.

Arbeidsgruppe utvikling, eigedom og kultur:

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** ved å slå saman Utvikling, Eigedom og Kultur til ei eller to einingar. Gruppa skal særleg sjå på utfordringane i forhold til

- Grunnkjøp
- Idrettsanlegg
- Investeringsprosjekt
- Næring/samfunnsutvikling
- Brannvern

I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

- Leiar Utvikling
- Leiar Eigedom
- Leiar Kultur
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16

Arbeidsgruppe stab/støtte:

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** med ein felles leiar for Økonomi, Personal, Servicetorg, IKT og Dokumentsenteret. Gruppa skal særleg sjå på utfordringane i forhold til

- Samrordning av ressursbruken mellom avdelingane
- Samordne og utvikle stab og støttefunksjonane
- Arbeid- og oppgåvefordelinga
- Innkjøp

I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

- Leiar Økonomi
- Leiar Personal
- Leiar Servicetorget
- Leiar IKT
- Leiar Dokumentsenteret
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2016/1199
		Arkiv:	G21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for Helse og omsorg	
193/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

AVTALE MELLOM KOMMUNEN OG FASTLEGE VED HERØY OG MYRVÅG LEGESENTER - REFORHANDLING

Tilråding:

Kommunestyret ber om at det vert inngått avtale med fastlegane ved Herøy og Myrvåg legesenter i samsvar med dei prinsippa og føringane som går fram av saksframstillinga.

Ordføraren får fullmakt til å inngå avtale med den einskilde lege.

Særutskrift:

Barn,- familie- og helseleiar

Legane ved Herøy og Myrvåg legesenter

Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Utkast til avtale mellom Herøy kommune og fastlege

Saksopplysningar:

Kommunestyret handsama i sak 45/16 den 17. mars 2016 Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016-2018. I vedtaket heiter det mellom anna: «Tiltak for å behalde fastlegar skal prioriterast først. Det vert forhandla med fastlegane med sikte på å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora. og Ordføraren skal vere ein del av forhandlingsutvalet.»

Kommunen sitt forhandlingsutval vart etter dette oppretta og består av ordførar (leiar), rådmann og barn-, familie- og helseleiar. Frå legane har forhandlingsutvalet bestått av Helge Strømskag (leiar), Trond Vegard Vatne (Herøy legesenter) og Stian Klock (Myrvåg legesenter).

På bakgrunn av vedtak i sak 45/16 i kommunestyret kalla kommunen inn legane til forhandlingar.

Forhandlingane starta i mai 2016 og det er halde tre forhandlingsmøter.

Forhandlingane har vore ført i ei god tone og det er kome fram til einigheit om avtalen som ligg som vedlegg.

Nærare om avtalen

Det er nå forhandla fram ei felles avtale for alle legane ved både legesentra. Dette var eit hovudmål set i forhold til kommunestyret sitt vedtak og både partar som forhandla var einige om at dette var rett.

Avtalen som nå ligg føre er utforma slik at den skal vere lett tilgjengeleg og ikkje for komplisert å forhalde seg til.

Både legekontora har felles lokaliteter med andre delar av helse- og omsorgstenestene i kommunen. Det er derfor viktig å behalde tankane om integret legesenter slik det i utgangspunktet berre var utforma i avtalen ved Herøy legesenter tidlegare. Dette er det teke inn ein bestemmelse om i avtalen (pkt 4 bokstav g).

Kommunen skal som tidlegare syte for den praktiske tilrettelegginga av drifta ved legekontora. Dette skal mellom anna gjerast ved å stille til disposisjon lokalar, utstyr og hjelpepersonale, (pkt 3).

Partane er einige om at det skal gjennomførast ein prosess etter at avtalene er signert. Formålet med denne prosessen er å få ein omforeint haldning og praktisk utøving av mellom anna verdigrunnlag og arbeidsgivarpolitikk. Det er og einigheit om at partane skal jobbe aktivt for å rekruttere og halde på fastlegar med nødvendig kompetanse, sjå pkt. 6 i avtalen.

Når det gjeld den økonomiske belastninga for den einskilde lege vil det vere slik at dei betalar basistilskotet samt eit beløp på kr. 3.000,- per måned. Dette skaper forutsigbarheit for den einskilde fastlege, noko som har vore eit særskilt viktig argument frå deira side.

Frå kommunen si side vil denne avtala føre med seg auka kostnadar. Det er vanskeleg å vere heit konkret om kva det vil føre til av meirkostnader då ein ved inngåing av denne avtalen har eit stort håp om å redusere utgiftane til vikarar vesentleg. Kor raskt ein kan få tilsett faste legar i alle heimlane er vanskeleg å vite, men kommunen er allereide i ferd med å lyse ut dei ledige heimlane igjen. Med ein samla fokus på rekruttering både hjå dei fastlegane som har avtale i dag og leiinga for legetenester har vi eit håp om at det skal la seg gjere å rekruttere gode og stabile fastlegar i dei ledige heimlane.

Den økonomiske konsekvensen av avtala vert å handsama i samband med budsjett 2017. Legetenester vert då foreslegen auka med 1,3 mill. i 2017.

Avtala som leggst fram her vil avløyse dei to avtalene som kommunen har med legesentra i dag. Den vil verte gjort gjeldande frå 1.1.2017 og for ein prøveperiode på 2 år kor ein nøye følgjer kostnadsutviklinga ved dei to legesentra.

Vurdering og konklusjon:

Legesituasjonen i kommunen har vore utfordrande over tid. Det har vore forsøkt gjentatte gonger å rekruttere i dei ledige fastlegeheimlane. Det er nå eit håp om at endra avtaler skal gjere det meir attraktivt både å verte værande i kommunen og å få nye fastlegar som og vert værande i kommunen. Rådmannen vil etter dette rå til at kommunestyret vedtek saka slik at kommunen kan inngå avtale med fastlegane i samsvar med dei prinsippa og dei framforhandla kostnadane.

Konsekvensar for folkehelse:

Mange pasientar har i lang tid vore utan ein fast lege å forhalde seg til. Dei har fått nødvendig legehjelp ved at dei faste legane har strekt seg langt samt at det har vore mange vikarar inne. Dette har nok ført til manglande oppleving av kontinuitet for ein del pasientar, særleg gjeld det for dei som er alvorleg og/eller kronisk sjuke.

Konsekvensar for beredskap:

Ein stabil og tilstrekkeleg legedekning er viktig for ein god beredskap. Det vil og føre til at vaktberedskapen på legevakt, ettermiddag/kveld og natt, vert å dele på fleire.

Konsekvensar for drift:

Ved denne avtalen som er forhandla fram vil vi vere betre i stand til å få rekruttert fastlegar i dei ledige heimlane. Dette er viktig for at vi skal ha ein god fastlegesituasjon frametter. Kostnadene denne avtalen fører med seg er betydelege, men i den situasjonen kommunen er i på dette området er dei nødvendige.

Fosnavåg, 09.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

AVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG FASTLEGE

Lege har inngått fastlegeavtale med Herøy kommune med arbeidsstad Herøy eller Myrvåg legesenter. Det er samstundes inngått følgjande avtale mellom lege og Herøy kommune.

Avtalen bygger på Forskrift om fastlegeordningen i kommunene, ASA 4310, ASA 4301 og SFS 2305

1. Tilhøvet mellom fastlegene i Herøy kommune er regulert av ovanfor. Når det gjeld fastlegene som har avtale med kommunen, er forholda i tillegg regulert i denne overordna avtalen.
2. Gjennom denne avtalen forpliktar fastlegane seg til å drive sin allmennlegepraksis frå det senteret vedkomande er knytt til.
3. Kommunen driv dei to legesentra, Herøy og Myrvåg, og leiger dei ut til fastlegane ved sentra. Kommunen skal syte for følgjande:
 - a) Lokale som er tidsmessige og tenlege.
 - b) Medisinsk utstyr og kontorutstyr av god og moderne standard.
 - c) Hjelpepersonell til å dekkje ei forsvarleg teneste ved senteret.
 - d) Kontor til 8 fastlegar ved Herøy legesenter og 4 fastlegar ved Myrvåg legesenter. I tillegg plass til ein turnuslege i kommunen.
 - e) Innkjøp av nødvendig forbruksmateriell og medikament.
 - f) Reinhold i samsvar med eigen plan.
 - g) Eige årleg driftsbudsjett og rekneskap for kvart av legesentra.
 - h) IKT-utstyr og programvare i samsvar med gjeldande nasjonalt regelverk og normer når det gjelder tryggleik samt drift av dette.
4. Hovudoppgåvene til legesentra er:
 - a) Allmennlegetenester i samsvar med lover, reglar, avtalar og ein god faglege standar.
 - b) Beredskap for akuttmedisinske situasjonar utanom vaktordningar på dagtid, Jmfr. § 12, pkt c i Fastlegeforskrifta og SFS 2305, §6.
 - c) Deltaking i utdanning av medisinske studentar i samarbeid med NTNU.
 - d) Rettleiing av medisinske turnuskandidatar.
 - e) Rettleiing av legar etter Forskrift om veiledet teneste for å få adgang til å praktisere som allmennlege med rett til trygderefusjon av 19. des. 2005, jmf. Rundskriv IS-18/2005
 - f) Rettleiing av legevikarar.
 - g) Vere eit integrert legesenter i Herøy kommune ved å bidra til at helsetenesten framstår som heilskaplege og samanhengande for brukarane. Gi praktiske fordelar for brukarane ved at tenestene er samlokaliserte. Lav terskel for formell og uformell kontakt mellom fastlegar inkl. medarbeidarar og anna fagpersonell i kommunen. Konkrete tenester til førebyggingsseksjonen knytt til reisevaksinasjon og smittevern, Yte laboratorietenester til jordmor, førebyggingsseksjonen og PO-avdelinga, fortløpande rettleiing og tilrettelegging for turnuslegar og legevikarar. Samordning av drift med øvrige

tenester i kommunen. Studentrettleiing og bidra til rekruttering av nye leger gjennom mottak av studenter, turnusleger osv

5. Legen betaler Herøy kommune basistilskot og 3.000,- kr. per måned i leige. Leiga skal betalast den 15. i kvar måned.
Ved sjukefråvær eller anna tariffesta fråvær skal legen betale leige så lenge han mottek basistilskot for si liste, jf. ASA 4310 pkt. 13.2-13.6.
6. Partane er einige om at det skal gjennomførast ein prosess etter at avtalane er signerte. Formålet med denne prosessen er å få ei omforeint haldning og praktisk utøving av:
 - a) Herøy kommune sitt til ein kvar tid gjeldande verdigrunnlag og arbeidsgjevarpolitikk.
 - b) Arbeide aktivt med HMS for å sikre eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø for alle partar og tilsette. Avtalepartane vil initiere, ta del i og gjennomføre dei tiltak og aktivitetar som er naudsynt for å nå dei måla ein set seg.
Partane vil gjennomføre ei medarbeidarundersøking/tilsvarande undersøking for fastlegane i avtaleperioden.
 - c) Herøy kommune sine til ein kvar tid gjeldande etiske retningslinjer.
 - d) Avtalepartane skal saman jobbe aktivt for å rekruttere og halde på fastlegar med nødvendig kompetanse for å utføre dei tenestene som det til ein kvar tid er behov for.
 - e) For at avtalepartane kan sette i verk målretta kvalitetshevande tiltak av tenestene, vil ein leggje til rette for og gjennomføre brukarundersøking blant pasientane. Dette blant anna for å innhente kunnskap om tenestene sin kvalitet
7. Herøy kommune skal legge til rette for at fastlegen slik at bla sjukehusåret for spesialisering i allmennmedisin og grunnkurs kan avviklast innan rimeleg tid. Kommunen skaffer sjølv vikar for legen når sjukehusåret vert avvikla.
8. Lege forpliktar seg til følgjande:
 - a) Bruke lokalar og utstyr på ein aktsam måte
 - b) Bidra til eit positivt arbeidsmiljø på arbeidsplassen
 - c) Aktiv deltaking i arbeidet med å rekruttere og behalde fastleger
 - d) Bidra til å halde driftskostnadene nede
 - e) Bidra til ei fagleg god og effektiv økonomisk drift av kontora
9. Det vert utarbeidd eiga arbeidsavtale knytt til dei kommunale arbeidsoppgåvene.
10. Gjensidig oppseiingstid er sett til 6 – seks- månader.
11. Ved tvist om forståinga av avtalen er partane samde om at reglane for tvistehandsaming fastset i ASA 4310 pkt 17, skal gjelde.
12. Avtalen er skriven ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

13. Denne avtalen avløyer avtalen for Myrvåg legesenter handsama i kommunestyret 23.2.12 sak 31/12 og avtalen for Herøy legesenter handsama i kommunestyret 13.12.2012 sak 216/12. d
14. Denne avtalen er gjeldande frå 1.1.2017. Det er ei prøveperiode på 2 år der ein nøye følgjer opp kostnadsutviklinga ved Herøy og Myrvåg legesenter. Avtalen vert å ta opp til vurdering seinast hausten 2018.

Fosnavåg.

Herøy kommune

Lege

Ordførar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JD	Arkivsaknr:	2012/96
		Arkiv:	250

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
194/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

REVIDERT EIGARSTRATEGI FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Tilråding:

Kommunestyret vedtek revidert eigarstrategi for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS slik den ligg føre i vedlegg 1.

Særutskrift:

- SSR
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga
- Revisjonen

Vedlegg:

1 Revidert eigarstrategi SSR 2016

Saksopplysningar:

Eigarstrategi for Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS (SSR) vart vedteke i K-sak 14/12. Kommunestyret gjorde då følgjande vedtak:

Herøy kommunestyret vedtek «Eigarstrategi for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)» slik den ligg føre i vedlegg 1.

Det har internt i SSR blitt utarbeidd eit forslag til justeringar av gjeldande eigarstrategi, og Representantskapet i SSR gjorde i sak R12/16 den 19.05.2016 følgjande vedtak:

Representantskapet godkjenner den nye eigarstrategien og rår til at kommunestyra i eigarkommunane gjer eit likelydande vedtak.

Framlegget frå Representantskapet i SSR inneber følgjande endringar/justeringar:

1. Vedtaksdatoar

Nye datoar og saksnummer for når revidert eigarstrategi er vedteken i eigarkommunane.

2. Punkt 4.1 endra tekst

Fjerna orda «Fjernvarme og kompostering» og i staden sett inn «Gjenbrukstorg og greinplassar» i andre setninga. I setning 3 er ordet «ikkje» endra til «forsøke å unngå». Ny tekst lyd:

«SSR skal ivareta eigarkommunane si rolle som samfunnsaktør i spørsmål om lokal og regional utvinning av ressursane i hushaldningsavfallet i selskapet sitt nedslagsfelt, herunder gjenvinning av energi og material. Gjenbrukstorg og greinplasser er nemnt som ordningar ønska av eigarane. SSR skal forsøke å unngå å legge til rette for ordningar som konkurrerer direkte med frivillige organisasjonar. SSR skal på denne måten bidra til å skape meirverdiar for samfunnet gjennom forretningsmessig samarbeid og partnerskap med andre samfunnsaktørar.»

3. Punkt 3.5, 1 strekpunkt flytta til nytt punkt 4.2, endra tekst

Lagt til «og internasjonale» i gjeldande tekst. Strekpunktet er så flytta til nytt punkt 4.2, som no lyd:

«Eigarkommunane forventar at SSR tek ansvar for å arbeide for at eigarkommunane når det nasjonale hovudmålet om reduksjon i avfall frå hushaldningane. For øvrig skal nasjonale og internasjonale mål reflektere selskapet si verksemd.»

4. Punkt 8.2. Ny andre setning

Punktet med tillegg av ny setning lyd:

«Som ledd i informasjonsarbeidet skal det sendast ut ein kjeldesorteringskalender kvart år. Etter kvart kan denne bli endra til å bli kun elektronisk.»

5. Punkt 12: Ny overskrift og ny tekst

Overskrifta er endra frå «Kontaktutval» til «Dialog». Ny tekst i punkt 12.1. Punkt 12 med underpunkt lyd no:

«Punkt 12 Dialog

12.1 Det skal vere god kontakt mellom administrasjonen i SSR og administrasjonane i eigarkommunane i drifts- og utviklingsmessige saker.»

6. Punkt 13.1: Fjerne strekpunktum «Kontaktutvalet»

I tredje strekpunktum heiter det i tidlegare eigarstrategi. «Kontaktutvalet: Sjå punkt 12.1». Dette kontaktutvalet er no erstatta med ein punkt «Dialog» sjå over.

Tidlegare tekst i punkt 12.1 var «Det skal etablerast eit kontaktutval. Dette skal settast saman av dagleg leiar/administrasjonen i SSR og ein representant frå rådmannsstaben i eigarkommunane. Kontaktutvalet skal legge til rette for god styringsdialog mellom eigarorgana og selskapsorgana.»

I følge punkt 13.2 i Eigarstrategien, skal denne leggjast fram for omforent politisk behandling i kommunestyra minst ein gong kvar valperiode, eller så ofte eigarane finn det nødvendig.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek dei endringane i eigarstrategien for SSR, som representantskapet i SSR har vedteke i sak R12/16 den 19.05.2016.

Endringane i punkt 4 nemner gjenbrukstorg og greinplassar som ordningar som er ønska av eigarane, og oppfyljing av internasjonale målsetjingar vert no nemnt saman med nasjonale målsetjingar for selskapet si verksemd.

Styringsdialogen mellom eigarkommunane og SSR, skulle tidlegare skje via eit kontaktutval som bestod av dagleg leiar/administrasjon i SSR og ein representant for rådmennene i eigarkommunene. Dette kontaktutvalet vert no erstatta med ein meir uformell dialog mellom dei ulike kommuneadministrasjonane og SSR.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei velfungerande avfalls- og renovasjonsordning er ein viktig føresetnad for folkehelsa.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar for kommunen si drift og økonomi. Alle kostnader vert dekkja av avfallsgebyret som vert innkravd av SSR.

Fosnavåg, 12.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

2012/96

(Eigarstrategien er på 4 sider)

Føreslåtte endringar i gjeldande eigarstrategi

Side 1	Vedtaksdatoar i kommunestyra må endrast.
Punkt 3.5, 1. strekpunkt	Lagt til «og internasjonale».
Punkt 4.1	Fjerna orda «Fjernvarme og kompostering» og i staden sett inn «Gjenbrukstorg og greinplassar» i andre setninga. I setning 3 er ordet «ikkje» endra til «forsøke å unngå».
Punkt 4.2	Eitt strekpunkt i 3.5 er flytta til nytt punkt 4.2.
Punkt 8.2	Andre setninga er ny.
Punkt 12	Endra frå «Kontaktutvalg» til «Dialog». Teksten i 12.1 er skifta ut med ny tekst.
Punkt 13.1	Fjerna strekpunktet «Kontaktutvalget».

EIGARSTRATEGI FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

(Vedtatt i Herøy kommunestyre xx/xx-2016 i sak xx/xx
Ulstein kommunestyre xx/xx-2016 i sak xx/xx
Hareid kommunestyre xx/xx-2016 i sak xx/xx
Sande kommunestyre xx/xx-2016 i sak xx/xx)

1 Eigarskapet

- 1.1 SSR er eigd av kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande.

2 Formålet med ein eigarstrategi – rolle, oppgåver og handlingsrom

- 2.1 SSR si kjerneverksemd er ei lovpålagd teneste som ligg under kommunane sitt ansvarsområde.
- 2.2 Eigarstrategien skal sikre at SSR si verksemd har demokratisk forankring i eigarkommunane. Den skal sikre at SSR realiserer kommunane sine politiske mål og strategi for verksemda.
- 2.3 Eigarstrategien skal sikre at SSR har nødvendige verkemiddel og legitimitet for å finne løysingar og ta i bruk verkemiddel basert på trygghet og forutsigbarheit frå eigarkommunane. Eigarane ønskjer å gi selskapet eit eintydig mandat og handlingsrom for sine strategiske og faglege vurderingar .
- 2.4 Selskapet skal ivareta dei rollene og utføre dei oppgåvene som eigarane anser som hensiktsmessige for å realisere eigarane sitt formål med selskapet.

3 Krav til SSR si verksemd og eigarane sine forventningar

- 3.1 Selskapet skal vere eigarkommunane sitt forvaltings- og bestillarorgan som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsboligar, skular, barnehagar og offentleg verksemd.
- 3.2 SSR skal sikre eit framtidsretta og berekraftig tenestetilbod, der det er lagt vekt på eigarkommunane sine ambisjonar om reduserte utslepp av klimagassar, og at det er tilrettelagt for kjeldesortering og gjenvinning av ressursane i avfallet.

(Eigarstrategien er på 4 sider)

- 3.3 SSR skal sikre eit brukarvennleg, fleksibelt og likeverdig tenestetilbod for alle innbyggjarane, der ein på ein positiv måte stimulerer til berekraftige haldningar og åtferd.
- 3.4 SSR skal sikre eit kostnadseffektivt tenestetilbod, basert på samarbeid og stordrift, til konkurransedyktige prisar.
- 3.5 I tillegg forventar eigarkommunane at selskapet:
 - er eigarkommunane sin primærrådgivar i avfallsrelaterte spørsmål.
 - er ein synleg og tydeleg samfunnsaktør i det haldningsskapande arbeidet i befolkninga.

4 Samfunn og miljø

- 4.1 SSR skal ivareta eigarkommunane si rolle som samfunnsaktør i spørsmål om lokal og regional utnytting av ressursane i hushaldningsavfallet i selskapet sitt nedslagsfelt, herunder gjenvinning av energi og material. Gjenbrukstorg og greinplassar er nemnt som ordningar ønska av eigarane. SSR skal forsøke å unngå å legge til rette for ordningar som konkurrerer direkte med frivillige organisasjonar. SSR skal på denne måten bidra til å skape meirverdiar for samfunnet gjennom forretningsmessig samarbeid og partnerskap med andre samfunnsaktørar.
- 4.2 Eigarkommunane forventar at SSR tar ansvar for å arbeide for at eigarkommunane når det nasjonale hovudmålet om reduksjon i avfall frå hushaldningane. For øvrig skal nasjonale og internasjonale mål reflektere selskapet si verksemd.

5 Årleg eigarmelding

- 5.1 Selskapet skal årleg levere eigarmelding. Denne skal behandlast av representantskapet og framleggast for eigarkommunane. Meldinga skal rapportere i høve til gjeldande eigarstrategi og selskapet sin strategi. Eigarmeldingane skal primært vise i kva grad selskapet oppfyller eigarane sine forventningar og selskapet sine eigne mål, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

6 Endringar i renovasjonsforskrifta

- 6.1 Endringar i renovasjonsforskrifta, som kjem med bakgrunn i planlagde endringar i tenestetilbodet, skal leggast fram for omforent politisk behandling i kommunestyra.

7 Endringar i renovasjonsgebyra

- 7.1 I høve eigarkommunane si behandling av økonomiplanar, skal selskapet sitt styre legge fram berekningsgrunnlag for renovasjonsgebyr dei komande åra. SSR skal fremme forslag om

(Eigarstrategien er på 4 sider)

endringar i renovasjonsgebyret til den enkelte eigarkommune etter forutgåande behandling i representantskapet.

8 Informasjon og kundetilfredsheit

- 8.1 Eigarane legg til grunn at informasjon står sentralt for å realisere selskapet sine målsettingar, både med omsyn til kundetilfredsheit og til fastsette miljøkrav. Informasjon skal i stor grad rettast mot skular og barnehagar.
- 8.2 Som ledd i informasjonsarbeidet skal det sendast ut ein kjeldesorteringskalendar kvart år. Etter kvart kan denne bli endra til å bli kun elektronisk.
- 8.3 God kundetilfredsheit er ein føresetnad for å kunne lukkast med å nå dei strategiske måla. Det gjeld både lokalmottaka/miljøstasjonane, returpunkta, greinplassar m.m. Desse må vere av høg kvalitet estetisk sett og gi kundane positive opplevingar av at "det nyttar" å sortere. Eigarane forutset at det blir lagt til rette for eit høgt servicenivå for å oppnå auka kundetilfredsheit.
- 8.4 Eigarane ønskjer at selskapet kvart år skal måle kundetilfredsheit opp mot målsetting.

9 Næringsverksemd

- 9.1 Næringsverksemd skal forsterke og underbygge kjerneverksemda og skape eit godt tilbod til små og mellomstore verksemdar. Dette gir effektive løysingar med omsyn til logistikk og lågare gebyr ved at kostnadane ved transport blir fordelt på ulike typer verksemdar.
- 9.2 Det skal stillast forretningsmessige krav til verksemda med omsyn til prising og resultat.

10 Greinplassar

- 10.1 SSR skal ha ansvaret for drift av greinplassar. Det skal leggjast til grunn at den geografiske plasseringa av greinplassane skal behandlast politisk av representantskapet.

11 Etikk

- 11.1 Selskapet skal som ein del av kvalitetssikringssystemet sitt ha etiske retningslinjer, og desse skal gjelde for samtlege tilsette i selskapet samt tillitsvalgte (inkludert medlemmer i representantskapet og styret).

Forts.

(Eigarstrategien er på 4 sider)

12 Dialog

- 12.1 Det skal vere god kontakt mellom administrasjonen i SSR og administrasjonane i eigarkommunane i drifts- og utviklingsmessige saker.

13 Styringsdialogen mellom eigarar og selskapet

- 13.1 Styringsdialogen mellom selskapet og eigarane skal skje gjennom:

- Kommunestyra: Politisk behandling av den årlege eigarmeldinga og årlege endringar i renovasjonsgebyra
- Representantskapet: Behandling av selskapsstrategi, eigarmelding, budsjett og årsrekneskap

- 13.2 Eigarstrategi for selskapet skal leggst fram for omforent politisk behandling i kommunestyra minst ein gong kvar valgperiode, eller så ofte eigarane finn det nødvendig.

Eigarmelding frå selskapet skal årleg, saman med årsrekneskapet, leggst fram for kommunestyra til orientering.

Representantskapet tar nødvendige avgjerdsler på vegne av eigarne, med utgangspunkt i gjeldande eigarstrategi, vedtekter (selskapsavtale og forskrift) og selskapsstrategi.

SSR skal informere eigarane undervegs om vesentlege avvik i høve til gjeldande styringsdokument, lover og reglar, som gjeld for selskapet.

SSR skal vere ein høyringsinstans som sikrar rett samspel mellom eigarkommunane ved kommunane si handsaming av enkelte saker som rører ved selskapet si verksemd. Dette kan t.d. omfatte snuplassar, byggefelt, greinklipping m.m.

- 13.3 Elles føreset eigarane at SSR legg fram for representantskap og eigarar saker av stor og/eller prinsipiell betydning.

14 Tilhøvet til selskapsavtala

- 14.1 Selskapsavtala skal til ei kvar tid vere samordna med eigarstrategien for selskapet. Revisjon av eigarstrategien skal difor utløyse ein revisjon av selskapsavtala.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JD	Arkivsaknr:	2012/2371
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
195/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

REVIDERT SELSKAPSAVTALE FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Tilråding:

Kommunestyret vedtek revidert selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS slik den ligg føre i vedlegg 1, med dei justeringar som er spesifisert på vedlegget side 1.

Særutskrift:

- SSR
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga
- Revisjonen

Vedlegg:

1 Revidert selskapsavtale 2016

Saksopplysninger:

Selskapsavtalen for Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS (SSR) vart sist revidert i 2013, og vedteke i K-sak 8/14. Kommunestyret gjorde då følgjande vedtak:

Kommunestyret godkjenner endringar i selskapsavtalen for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når det gjeld § 12 Rammene for låneopptak og § 9 om styre og styresamansetting i samsvar med innstillinga frå representantskapen i Søre Sunnmøre IKS.

Det har internt i SSR blitt utarbeidd eit forslag til justeringar av gjeldande selskapsavtale, og Representantskapet i SSR gjorde i sak R11/16 den 19.05.2016 følgjande vedtak:

Representantskapet godkjenner den nye selskapsavtala og rår til at kommunestyra i eigarkommunane gjer eit likelydande vedtak.

Framlegget frå Representantskapet i SSR inneber følgjande endringar/justeringar:

1. Verknadstidspunkt

Revidert selskapsavtale skal være gjeldande frå 15. september 2016

2. § 6: Endring av folketal, eigardel og justeringssetninga

Noverande ordlyd:

Ut i frå folketalet per 1. januar 2012, blir då eigardelane følgjande:

	Folketal per 01.01.12	Prosent	Antal medlemmer
Herøy	8727	36,16	4
Hareid	5000	20,71	2
Sande	2588	10,72	2
Ulstein	7828	32,41	3
Sum	24143	100	11

Styret kan føreslå overfor representantskapet å justere eigardelen i selskapet ut i frå folketalsutviklinga. Justering kan fremjast kvart fjerde år, første gong 01.01.2016.

Forslag til ny ordlyd:

Ut i frå folketalet per 1. januar 2016, blir då eigardelane følgjande:

	Folketal per 01.01.16	Prosent	Antal medlemmer
Herøy	8972	35,67	4
Hareid	5189	20,63	2
Sande	2559	10,18	2
Ulstein	8430	33,52	3

Sum	25150	100	11

Styret kan føreslå overfor representantskapet å justere eigardelen i selskapet ut i frå folketalsutviklinga. Justering kan og fremjast som ein del av revisjon av selskapsavtala.

3. §12: Investeringar

«Selskapet sitt styre kan ta opp nye lån på inntil 10 millionar kroner utan...».

Det er ordet «nye» som er nytt. Endringa er gjort fordi det kan feiltolkast dit hen at dette kan gjelde akkumulerte låneopptak føretatt av styret.

4. §12: Investeringar

«Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 100 millionar kroner.»

Nytt her er 100 mill.kr i standen for 80 mill.kr. Dette med begrunning i innføring av nye fraksjonar og høgare standard enn først planlagt på nye miljøstasjonar i Herøy og Sande.

5. §12: Investeringar. Avsnitt 2 er fjerna

Forskrift av 17.desember 1999 nr 6 er endra, og ein treng ikkje godkjenning av Fylkesmannen dersom låneramma i selskapsavtala ikkje blir overskriden og ingen av kommunane er ROBEK-kommune. Uansett må selskapet følge gjeldande lover og reglar, og setninga blir difor litt unødvendig.

6. § 17: Nytt avsnitt

Det er kome til eit nytt avsnitt med følgjande tekst:

«Selskapet skal drive effektivt og framtidsretta miljøarbeid i regionen, der kvalitet, leveransenivå og kostnader harmoniserer. Selskapet skal vere husstandane og kommunane sin naturlege samarbeidspartnar i avfalls- og miljøspørsmål.»

7. § 18: Ny paragraf om miljø, ny parafering

Det er kome til ein ny § 18 Miljø, med følgjande tekst:

«Selskapet skal bidra til å realisere nasjonale og internasjonale miljømål ved klimavennleg innsamling og behandling av avfall. Selskapet skal søke å vektlegge miljøomsyn ved val av leverandørar og behandlingsmetodar. Dei valgte løysingane må være estetisk gode. Selskapet skal satse på regionalt samarbeid og regionale løysingar der dette er miljømessig og økonomisk hensiktsmessig.»

Grunna ny § 18 Miljø, vert dei tidlegare paragrafane 18, 19 og 20, no 19, 20 og 21. Ingen endringar i tekst.

8. Ny vedtaksdato

Vedtaksdatoar vil bli registrert med vedtaka i kommunestyra. Vedtaksdato i representantskapet i SSR er 19.05.2016.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek dei endringane i selskapsavtalen for SSR, som representantskapet i SSR har vedteke.

Endringane i § 6 er ei tilpassing til folketalsutviklinga i kommunane sidan siste revisjon av selskapsavtalen. Ei justering som gjeldande selskapsavtale krev utført per 01.01.2016.

Når det gjeld § 12 Investeringar, så vert låneramma auka til kr 100 mill.kr, ekskl. kassakredittramma. I dag er låneramma kr 80 mill.kr.

Det vert ikkje føreslått endringar i styret si fullmakt til å ta opp lån utan særskild godkjenning frå eigarkommunane, som er inntil 10 mill.kr. under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet.

Nye teksttillegg i § 17 nytt avsnitt, og ny § 18, er viktige programerklæringar om kvalitet, kostnadseffektivitet, realisering av miljømål, og estetikk m.m..

Det er positivt at SSR med dette så klart erklærer at dei skal ha ei kundetilpassa og framtidsretta haldning i sitt arbeid.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei velfungerande avfalls- og renovasjonsordning er ein viktig føresetnad for folkehelsa.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar for kommunen si drift og økonomi. Alle kostnader vert dekkja av avfallsgebyret som vert innkravd av SSR.

Fosnavåg, 10.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

Gjeldande frå 15. september 2016

SELSKAPSAVTALE

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Justeringar i forhold til gjeldande selskapsavtale:

- Tidspunktet øverst på denne sida.
- § 6: Folketalet, eigardelen og justeringssetninga er endra.
- § 12: Investeringar: «Selskapet sitt styre kan ta opp nye lån på inntil 10 millionar kroner utan....» (ordet «nye» er det som er nytt). Endringa er gjort fordi det kan feiltolkast dit hen at dette kan gjelde akkumulerte låneopptak føretatt av styret.
- § 12: Investeringar: «Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 100 millionar kroner.» Nytt her er 100 i staden for 80 millionar kroner. Dette med begrunning i innføring av nye fraksjonar og høgare standard enn først planlagt på nye miljøstasjonar i Herøy og Sande.
- § 12: Investeringar, 2. avsnitt, er fjerna. Forskrifta er endra, og ein treng ikkje godkjenning frå Fylkesmannen dersom låneramma i selskapsavtala ikkje blir overskriden og ingen av eigarkommunane er ROBEK-kommune. Uansett må selskapet følgje gjeldande lover og reglar og setninga blir difor litt unødvendig.
- § 17: Teksttillegg, nytt avsnitt (nr. 2).
- § 18: Ny paragraf om miljø. Dei tidlegare paragrafane 18, 19 og 20 er no 19, 20 og 21.
- Vedtaksdatoar på siste side.

§ 1 Selskapet

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) er eit interkommunalt selskap skipa av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein med heimel i lov om interkommunale selskap.

§ 2 Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor ligg i Ulstein kommune.

§ 3 Selskapet sitt hovudføremål

Selskapet si kjerneverksemd er å vere kommunane sitt forvaltings- og bestillarorgan, som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsbustader, skular og barnehagar.

Selskapet sitt føremål er å dekke eigarkommunane sine behov, plikter og oppgåver med tanke på:

1. Å drive framtidsretta og miljøretta innsamling, transport og sortering av hushaldningsavfall - som kommunane måtte bli pålagde å ta hand om eller sjølve i fellesskap ønskjer å etablere. Selskapet skal planlegge og sørge for gjennomføring av andre miljøtiltak der kommunane i fellesskap ønskjer dette.
2. Eit brukarvennleg, fleksibelt og likeverdig tenestetilbod for alle innbyggjarane, og som stimulerer til berekraftige haldningar og atferd. Dette skal skapast gjennom aktiv informasjon og kommunikasjon.
3. Eit kostnadseffektivt tenestetilbod basert på samarbeid og stordrift.

§ 4 Andre føremål

1. Vere eigarkommunane sin primærrådgivar i avfallsrelaterte spørsmål og samstundes vere ein synleg samfunnsaktør i det haldningsskapande arbeidet i befolkninga.
2. Ivareta eigarkommunane si rolle som samfunnsaktør i spørsmål om lokal og regional utnytting av ressursane i hushaldningsavfallet i selskapet sitt nedslagsfelt.
3. Oppfylle kommunane sine forpliktingar etter lov om forureining i høve innsamling og gjenvinning av ressursane i hushaldningsavfallet.
4. Drive mottak, sortering/gjenvinning og deponering av næringsavfall i den utstrekning selskapet har løyve og finn det formålstenleg eller ved avtalar med andre selskap.

5. Selskapet skal arbeide for at det blir like avfallsgebyr og like ordningar for avfall i eigarkommunane.
6. For andre avfallsordningar eller anna avfall som blir levert til selskapet krev selskapet sjølv inn det fastsette gebyret. Styret kan givast fullmakt til å fastsetje gebyrregulativ for direktelevert avfall.

§ 5 Samarbeid

Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar eller selskap der dette er naturleg. Selskapet kan vere medeigar i andre selskap som driv innan avfall og miljøhandtering der dette er hensiktsmessig for å tene føremålet til selskapet. Slike selskapsetableringar må ikkje kome i konflikt med andre eigarinteresser som kommunane måtte ha.

§ 6 Representantskapet

Representantskapet er selskapet si øvste myndigheit og deltakarane utøver si myndigheit gjennom representantskapet.

Representantskapet sine medlemmer og personlege varamedlemmer skal velgast av kommunestyra i medlemskommunane for kommunevalgbolken. Medlemmer av styret kan ikkje vere medlemmer av representantskapet.

Den einskilde deltakar kan føreta nyvalg av sine representantar i valgperioden. Nyvalg skjer for den gjenverande del av valgbolken.

I valgår kallar ein saman representantskapet seinast 30. desember for konstituering og valg av leiar og nestleiar. Ansvarleg for innkallinga er representantskapet sin leiar før valget. Det skal samstundes lagast ein plan for representantskapet sine ordinære møter komande år.

På møtet i representantskapet etter kvart valg skal det også velgast ein valgkomité i representantskapet. Denne valgkomitéen skal ha eitt medlem frå kvar kommune og ein av desse skal velgast til leiar i komitéen. Valgkomitéen skal mellom anna sørge for kandidatar til styret.

Representantskapet si myndigheit er i samsvar med lov om interkommunale selskap, jfr. § 7, og denne selskapsavtala.

Representantskapet kan utvide styret sine plikter, men ikkje innskrenke styret si myndigheit.

Saksbehandlinga i representantskapet vert regulert av lov om interkommunale selskap § 9. Det skal haldast minst to møter i representantskapet per år.

Representantskapet har 11 medlemmer. Kvar eigarkommune skal ha minst to medlemmer i representantskapet. Deretter skal eigarkommunane ha ein medlem

ekstra når innbyggartalet passerer 7.500 og ein medlem ekstra når innbyggartalet passerer 10.000. Dersom innbyggartala tilseier at ein ikkje får 11 medlemmer i representantskapet, skal den største eigarkommunen ha ein representant ekstra. Dersom heller ikkje dette er nok til å få 11 representantar, skal også den nest største eigarkommunen ha ein representant ekstra.

Ut i frå folketalet per 1. januar 2016, blir då eigardelane følgjande:

	Folketal per 01.01.2016:	%	Antal medlemmer:
Herøy:	8972	35,67	4
Hareid:	5189	20,63	2
Sande:	2559	10,18	2
Ulstein:	8430	33,52	3
Sum:	25150	100	11

Styret kan føreslå overfor representantskapet å justere eigardelen i selskapet ut i frå folketalutviklinga. Justering kan også fremjast som ein del av revisjon av selskapsavtala.

Elles kan talet på medlemmer i representantskapet endrast ved endring av talet på eigarkommunar.

§ 7 Innkalling og møter i representantskapet

Representantskapet kjem vanlegvis saman to gongar i året - i april/mai og i oktober/november. Det kan elles kallast inn til møte når leiaren i representantskapet, styret i selskapet eller minst to medlemmer krev det.

Styreleiaren og dagleg leiar skal delta i møta med talerett. Øvrige styremedlemmer har møte- og talerett.

Innkalling til møta skal skje med minst 4 veker varsel. Innkallinga skal innehalde sakliste og moglege saksdokument. For møta gjeld §§ 8 og 9 i lov om interkommunale selskap sine reglar om valg, røysting, habilitet og protokollering m.m.

Representantskapet sin leiar kan innkalle representantskapet med kortare frist i tilfelle kor dette er påtrengjande nødvendig.

Innkalling, sakliste og møteprotokoll skal også sendast til medlemskommunane. Det same gjeld budsjett og rekneskap for selskapet.

§ 8 Saker til behandling i representantskapet

Representantskapet gjer nødvendige beslutningar på vegne av eigarane, med utgangspunkt i gjeldande eigarstrategi, vedtekter og selskapsstrategi.

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter intensjonane og i samsvar med lover, forskrifter og vedtekter. Representantskapet skal i møta behandle desse sakene:

- a) Årsrekneskap for selskapet
- b) Framlegg frå styret til endringar i avfallsgebyra
- c) Fastsetje alle gebyr som ikkje kommunestyra etter lova skal vedta eller som styret har fullmakt til å vedta
- d) Framlegg frå styret til økonomiplan og årsbudsjett seinast 15. november kvart år
- e) Framlegg frå styret til låneopptak utover fastsette rammer og pantsetjing av selskapet sine eigedomar
- f) Kommunale garantiar/lån
- g) Valg av leiar og nestleiar i representantskapet
- h) Valg av styremedlemmer
- i) Valg av leiar og nestleiar i styret
- j) Valg av revisor og fastsetting av godtgjering for revisjon
- k) Fastsetjing av godtgjeringar for styret og representantskapet
- l) Andre saker som styret vil ha handsama og andre saker som kjem fram av selskapsavtala

Representantskapet skal behandle selskapet si eigarmelding i same møte som ein fastset rekneskapet. Eigarmelding og rekneskap skal behandlast seinast 30. mai året etter rekneskapsåret.

Representantskapet skal behandle og vedta selskapsstrategien minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Godtgjeringar (møtegodtgjersle, dekking av tapt arbeidsforteneste og dekning av reiseutgifter) for medlemmer i representantskapet skal den einskilde eigarkommune der representanten høyrer til stå for. SSR betalar ut til den einskilde medlem det vedkomande har krav på og sender deretter kravet over til kommunane for refusjon, inklusiv kvar kommune sin andel av leiargodtgjersla.

Vedtak gjort av representantskapet må godkjennast i medlemskommunane dersom det vert kravd etter lov om interkommunale selskap eller andre lover og forskrifter.

§ 9 Styret

Selskapet skal ha eit styre på frå 3 til 7 medlemmer som skal velgast av representantskapet. Kvar medlemskommune skal ha minst ein medlem og minst ein medlem skal kome frå dei tilsette. Styremedlemmene blir valgt for 2 år av gongen, der halvparten av styret er på valg kvart år. Ordinært, årleg valg skjer i

representantskapsmøtet som behandlar årsrekneskapet. Styret si myndigheit følgjer av § 13 i lov om interkommunale selskap og denne selskapsavtala.

Styret legg fram forslag til selskapsstrategi for representantskapet minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Styret legg fram forslag til økonomiplan og budsjett for neste år for representantskapet seinast 15. november kvart år.

Dagleg leiar skal delta i styremøta med tale- og innstillingsrett.

§ 10 Styret si myndigheit

Styret har det overordna ansvaret for drift og organisering av selskapet. Styret er også ansvarleg for at vedtekne tiltak vert gjennomførde og at det vert utarbeidd årsmelding, budsjett, økonomiplan og rekneskap i samsvar med lov og forskrift innan gitte fristar. Styret legg fram berekningsgrunnlag for renovasjonsgebyret for komande år på haustmøtet.

Selskapet forpliktar med underskrift av styreleiaren og dagleg leiar i fellesskap.

Om inhabilitet for selskapet sine tilsette og medlemmer av selskapet sine styrande organ gjeld kommunelova § 40, nr. 3.

§ 11 Dagleg leiing

Selskapet skal ha ein høveleg administrasjon som er tilpassa oppgåver og aktivitet. Selskapet skal leiast av ein dagleg leiar. Vedkomande har tilvisingsmynde innanfor godkjent budsjett og er fagleg og økonomisk ansvarleg for den daglege drifta overfor styret.

Dagleg leiar skal ikkje ta avgjerd i saker med stor konsekvens for selskapet utan i dei tilfelle der styret har gitt mynde til det, eller når styret si avgjerd ikkje kan avventast utan vesentleg ulempe for selskapet si verksemd. Styret skal i så fall snarast mogleg underrettast om saka.

Dagleg leiar representerer selskapet utad i saker som ligg til myndet hans.

§ 12 Investeringar

Selskapet sine investeringar skal finansierast med lån, tilskot og mogleg eigenkapital. Selskapet sitt styre kan ta opp nye lån på inntil 10 millionar kroner utan særskild godkjenning frå eigarkommunane under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet. Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 100 millionar kroner. Selskapet sine eigedomar kan pantsetjast etter vedtak i representantskapet, jfr. lov om interkommunale selskap § 25. Dei samarbeidande

kommunane eig selskapet sine anlegg og er høvesvis ansvarlege for gjeld, underskot, garantiar for lån og kontanttilskot etter prosentsatsar basert på folketalet.

§ 13 Selskapsstrategi

Selskapet skal ha ein eigen selskapsstrategi, forankra i relevante nasjonale og lokale ambisjonar og føringar, eigarstrategien, samt vedtektene for selskapet.

Selskapsstrategien skal oppdaterast minst ein gong pr. valgperiode og formelt vedtakast av representantskapet. Selskapsstrategien erstattar kommunane sine avfallsplanar og skal vere eigarkommunane sin omforente avfallsstrategi.

§ 14 Årleg eigarmelding

Selskapet skal årleg levere eigarmelding, som skal behandlast av representantskapet, og leggjast fram for eigarkommunane. Meldinga skal rapportere i høve gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

§ 15 Næringsverksemd

Selskapet skal drive miljøretta innsamling, transport og sortering av hushaldningsavfall mot næringslivet der dette er hensiktsmessig for å styrke selskapet si drift.

Næringsverksemda skal drivast ut i frå vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

§ 16 Forskrifter

I eigarkommunane skal det vere like forskrifter for renovasjonsordninga.

§ 17 Etikk og samfunnsansvar

Selskapet skal som ein del av sitt kvalitetssikringssystem ha etiske retningslinjer for medlemmer i representantskap, styre, dagleg leiing og administrasjon. Selskapet skal ta samfunnsansvar på ulike måtar, mellom anna gjennom opplæring og kommunikasjon med innbyggjarane og gjennom tiltak for å nå nasjonale mål for avfallsreduksjon.

Selskapet skal drive effektivt og framtidsretta miljøarbeid i regionen, der kvalitet, leveransenivå og kostnader harmoniserer. Selskapet skal vere husstandane og kommunane sin naturlege samarbeidspartnar i avfalls- og miljøspørsmål.

§ 18 Miljø

Selskapet skal bidra til å realisere nasjonale og internasjonale miljømål ved klimavennleg innsamling og behandling av avfall. Selskapet skal søke å vektlegge miljøomsyn ved valg av leverandørar og behandlingsmetodar. Dei valgte løysingane må vere estetisk gode. Selskapet skal satse på regionalt samarbeid og regionale løysingar der dette er miljømessig og økonomisk hensiktsmessig.

§ 19 Rekneskap og revisjon

Rekneskapet skal førast etter rekneskapslova.

§ 20 Arkiv

Arkivarbeid og arkivhald skal vere i tråd med gjeldande lover og reglar.

§ 21 Tvist om tolking av vedtektene

Tvist om tolkinga av vedtektene blir avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i voldgiftslova. Formannen i voldgiftsnemnda skal vere sorenskrivaren på Søre Sunnmøre eller den han måtte peike ut.

(Endra etter vedtak i representantskapet xx.05.2016 og i eigarkommunane i 2016; Herøy xx.xx.2016, Ulstein xx.xx.2016, Sande xx.xx.2016 og Hareid xx.xx.2016).



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/769
		Arkiv:	L13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
196/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 34/379 M.FL. I FOSNAVÅG - TILRETTELEGGING FOR ETABLERING AV DEPONI.

Tilråding:

Herøy kommunestyre stadfester, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, forslag til planprogram – Detaljreguleringsplan for gnr.34, bnr.379 mfl. I Fosnavåg, Herøy kommune. (Tilrettelegging for etablering av massedeponi).

Særutskrift:

- Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no
- Statens vegvesen, region Midt, firmapost-midt@vegvesen.no
- Fiskeridirektoratet, postmottak@fiskeridir.no
- Noregs vassdrags- og energidirektorat, nve@nve.no
- Bergens Sjøfartsmuseum, marinarkeologi@sjofartsmuseum.no
- Kystverket, post@kystverket.no
- Fosnavåg Pelagic, Indre Hamn, 6090 Fosnavåg

Vedlegg:

1. Forslag til planprogram, datert 27.5.2016.
2. Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 8.6.2016
3. Innspel frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 28.6.2016.
4. Innspel frå Statens vegvesen, datert 4.7.2016.
5. Innspel frå Kystverket, datert 5.7.2016.
6. Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 11.7.2016.
7. Innspel frå Sævik Invest AS, datert 14.7.2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for planarbeidet

Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn, frå dagens - 6 meter til – 8.3 meter. Arbeidet er planlagt igangsett i 2017. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser.

Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over massene må det leggjast på eit stabilt topplag, før etablering av dekke for bygging eller etablering av kai.

Deponiet kan utformast på ulike måtar. Endeleg utforming vert prosjektert av Kystverket og vil gå fram av forslag til reguleringsplan.

Vedtak i Kommunestyret - 25.05.2016

Herøy kommunestyre vedtek at det kan etablerast deponi som skissert på kartskisse datert 25.05.2016.

Deponia skal nyttast til mottak av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Avtalar av økonomisk karakter skal leggjast fram for Herøy kommunestyre for godkjenning snarast råd.

Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide, legge ut og annonsere planprogram for etablering av massedeponi på indre hamn. Herøy kommunestyre skal vedta programmet

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak, vert det sett i gong detaljreguleringsplanarbeid med tanke på tilrettelegging for etablering av massedeponi.

Mål med planarbeidet

Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land.

Formålet med planprogrammet er å avklare:

- Kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn.
- Kva tema som krev ytterlegare kartlegging og utgreiing.

Vidare skal planprogrammet sikre at konsekvensutgreiinga fokuserer på tilhøve som det er nødvendig å få sett søkjelys på.

Denne saka må sjåast i samanheng med planprogrammet i sak detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg, datert 2.2.2016.

Krav til konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f). Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Konsekvensutgreiinga skal omhandle naturmangfald, landskap, forureining (herunder forureining av sjø og land, støy, støv), beredskap og ulukkesrisiko, havnivåstigning, stormflo, grunntilhøve. Det kan kome til fleire moment som følgje av planprosessen.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring til berørte mynde og interesseorganisasjonar og leggjast ut til offentleg ettersyn. Det skal skje samstundes med varsling av oppstart av planarbeid. Ved utarbeiding av planframlegg skal det gjerast greie for konsekvensane ved planframlegget.

ROS-analyse

Analysen skal avdekke farar og kome med framlegg til tiltak som kan hindre at uønskte hendingar skjer.

Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre.

Annonsering av oppstart av planarbeidet skjer samstundes med at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (6 veker). Kommunen skal på bakgrunn av innkomne uttalar/merknader, fastsetje endeleg planprogram for plan- og utgreiingsarbeidet. Det skal gjerast greie for innkomne uttalar og merknader og korleis desse er vurdert og ivaretekne i planprogrammet. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret.

Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn. Som del av planarbeidet vil det bli halde folkemøte der grunneigarar, naboar, organisasjonar og «særskilde» grupper vil bli innkalla.

Innspel til planarbeidet

Innspel frå	Innhald	Kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	Fylkeskommunen meiner planprogrammet inneheld informasjon om bakgrunn, planprosess, samt ei skildring av planområdet. FK meiner likevel at planprogrammet ikkje seier kva tema som er aktuelt å utgreie i KU, berre at det skal fastsetjast nærare ut i frå innkomne innspel til planprogrammet frå høyringsrunda. FK saknar at planprogrammet ikkje nemner at det skal gjerast ei vurdering av reguleringsplanen sine samla verknader og verknader enkeltvis i forhold til aktuelle tema.	I forslag til planprogrammet datert 27.5.2016 er følgjande tema teke opp under pkt. 2.3, s. 7: «Konsekvensutgreiinga skal omhandle naturmangfald, landskap, forureining (herunder forureining av sjø og land, støy og støv), beredskap og ulukkesrisiko, havnivåstigning, stormflo, grunntilhøve. Det kan kome fleire moment som følgje av planprosessen». Når det gjeld ei vurdering av samla og enkeltvis verknader i forhold til tema er dette noko som vert teke opp i vidare planarbeid og KU.
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	NVE viser til at det ved utfyllingar i sjø må gjerast geotekniske vurderingar av grunnforholda slik at det ikkje medfører risiko for utglidningar eller setningsskader.	Det er gjennomført geotekniske undersøkingar i regi av Kystverket (KV). Ein ventar på KV si vurdering (forrapport) frå undersøkingane. Desse vurderingane vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.
Statens vegvesen (SV)	Statens vegvesen har ingen særskilde merknader til varsla planarbeid og/eller framlegget til planprogram.	Ingen kommentar.
Kystverket (KV)	Kystverket vurderer både planvarsel og planprogram som tilfredsstillande. KV ser på planprogrammet som eit godt startgrunnlag for ein god reguleringsprosess.	KV ventar framleis på forrapport inkludert geotekniske vurderingar som skal leggjast til grunn for vidare planleggingsarbeid.
Fylkesmannen (FM)	Fylkesmannen er nøgd med dei tema som er teke opp for KU i forslaget til planprogram. I tillegg meiner FM at trafikktrygging i annleggsperioden, samt forureiningsfaren under sjølve tiltaket bør vere tema i KU. Dette gjeld særskilt luktproblematikk.	Innspela frå FM vert teke med i det vidare planprogrammet og planleggingsarbeidet. Det vert elles vist til at denne saka må sjåast i samanheng med planprogrammet i sak detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. I Fosnavåg, datert 2.2.2016.
Sævik Invest AS	Sævik Invest AS legg særleg vekt på praktisk bruk av deira kaianlegg i austleg utstrekning av deponiet i indre hamn. Sævik Invest AS nemner særleg den potensielle faren for skader på skrog, og ønskjer ein molo med brattast mogleg kant mot djup på 8,3m. Sævik Invest AS ønskjer i tillegg ein tett dialog i det vidare arbeidet.	Innspela vert teke med i den vidare planlegginga frå konsulent og KV. Kommunen har engasjert konsulent som blant anna skal utgreie manøvreringsforholda i hamnebassenget etter at deponi/steinmolo og nye kaianlegg er etablert.

Vurdering

Forslag til planprogram har lege ute til offentlig ettersyn i perioden 3.6.2016-15.7.2016 (seks veker). Det kom inn seks innspel til planprogrammet ved offentlig ettersyn og alle er oppsummert i saka. Etter rådmannen si vurdering sikrar forslaget til planprogram at naudsynte utgreiingar vert gjennomført som ein del av planprosessen.

Konklusjon

Rådmannen rår til at planprogram for detaljreguleringsplan for gnr. 34, bnr. 379 m.fl. i Fosnavåg vert stadfesta. Planprogrammet vil vere eit godt grunnlag for det vidare planarbeidet med konsekvensutgreiinga.

Fosnavåg, 22.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand


DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 34, BNR. 379 MFL., I FOSNAVÅG, HERØY KOMMUNE

(TILRETTELEGGING FOR ETABLERING AV MASSEDEPONI)



PLANPROGRAM

29.8.2016



HERØY KOMMUNE

INNHALDSLISTE

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for planarbeidet.....	3
1.2 Mål med planarbeidet	4
1.3 Planstatus	5
1.4 Planavgrensing	6
2. Planprosess	6
2.1 Forslag til framdrift.....	6
2.2 Medverknad	7
2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram	7
2.4 ROS-analyse	7
3. Skildring av planområdet	8
3.1 Lokalisering.....	8
3.2 Arealbruk.....	9
3.3 Landskap.....	10
3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv	11

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn, frå dagens - 6 meter til – 8.3 meter. Arbeidet er planlagt igangsett i 2017. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser.

Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over massene må det leggjast på eit stabilt topplag, før etablering av dekke for bygging eller etablering av kai.

Deponiet kan utformast på ulike måtar. Endeleg utforming vert prosjektert av Kystverket og vil gå fram av forslag til reguleringsplan.

Vedtak i Kommunestyret - 25.05.2016

Herøy kommunestyre vedtek at det kan etablerast deponi som skissert på kartskisse datert 25.05.2016.

Deponia skal nyttast til mottak av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Avtalar av økonomisk karakter skal leggjast fram for Herøy kommunestyre for godkjenning snarast råd.

Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide, legge ut og annonsere planprogram for etablering av massedeponi på indre hamn. Herøy kommunestyre skal vedta programmet



Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak, vert det sett i gong detaljreguleringsplanarbeid med tanke på tilrettelegging for etablering av massedeponi.

1.2 Mål med planarbeidet

Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land.

Formålet med planprogrammet er å avklare:

- Kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn.
- Kva tema som krev ytterlegare kartlegging og utgreiing.


Vidare skal planprogrammet sikre at konsekvensutgreiinga fokuserer på tilhøve som det er nødvendig å få sett søkjelys på.

Denne saka må sjåast i samanheng med planprogrammet i sak detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg, datert 2.2.2016.

1.3 Planstatus

Reguleringsplan


Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande reguleringsplan for Fosnavåg Hamn (godkjent 26.03.2015, plan ID 1515_2012_63).



Figur 1. Utsnitt frå planbase – eksisterande reguleringsplanar i området

Kommuneplanen sin arealdel 2014-2025 (plan ID 201250)

Planområdet er i vist som regulert i kommuneplanen sin arealdel. Planen vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014, plan ID 201250).



Figur 2. Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

1.4 Planavgrensing

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnittet nedanfor. Området på om lag 22,5 daa.



Figur 3. Avgrensning av planområdet

2. Planprozess

2.1 Forslag til framdrift

Varsel om oppstart av reguleringsplan og utlegging av planprogram var gjort i juni 2016, og det er pr. i dag skissert følgende framdrift i planarbeidet:

Aktivitet	Ca. tidsplan
Planprogram og varsel om oppstart vert sendt ut på høyring. Frist 6 veker	Juni-juli 2016
Planprogrammet vert justert. Vedtak i kommunestyret.	August-september 2016
Utarbeiding av konsekvensutgreiing og reguleringsplan	Juni – november 2016
Sakshandsaming – reguleringsplan ut til offentleg ettersyn	November 2016
Reguleringsplan med konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn (6 veker)	Desember 2016-januar 2017
Revisjon av planforslag etter høyring	Februar-mars. 2017
Vedtaksprosess, handsaming i formannskap og kommunestyre	April-mai 2017

Skissert framdriftsplan er usikker. Justeringar vil bli gjennomført under vegs i planarbeidet.

2.2 Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre.

Annonsering av oppstart av planarbeidet skjer samstundes med at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (6 veker). Kommunen skal på bakgrunn av innkomne uttalar/merknader, fastsetje endeleg planprogram for plan- og utgreiingsarbeidet. Det skal gjerast greie for innkomne uttalar og merknader og korleis desse er vurdert og ivaretekne i planprogrammet. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret.

Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn. Som del av planarbeidet vil det bli halde folkemøte der grunneigarar, naboar, organisasjonar og «særskilde» grupper vil bli innkalla.

2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f. Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Konsekvensutgreiinga skal ta opp tema naturmangfald, landskap, forureining (både under og etter anleggsfasen, herunder forureining av sjø og land, støy, støv og lukt), beredskap og ulukkesrisiko, trafikktryggleik i anleggsperioden, havnivåstigning, stormflo og grunntilhøve. Eit tema skal også vere korleis planen påverkar manøvreringsromet i hamna etter at deponi/molo og nye kaianlegg er etablert. Det kan kome til fleire moment som følgje av planprosessen.

2.4 ROS-analyse

Analysen skal avdekke farar og kome med framlegg til tiltak som kan hindre at uønskte hendingar skjer.

3. Skildring av planområdet

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg i ytre del av Herøy kommune, nærare bestemt Fosnavåg sentrum. Fosnavåg er kommunesenteret i kommunen, som er ei av dei største fiskerikommunene i landet. Hamna er ein fin stoppestad før og etter Stadt. Frå planområdet er det kort veg til nesten alle sentrumsfunksjonar.



Figur 4. Lokalisering av planområdet



Figur 5. Planområdet sett frå lufta (foto: Harald M Valderhaug)



Figur 6. Planområdet sett frå lufta

3.2 Arealbruk

Store delar av arealet innanfor plangrensa er sjøområde som ikkje er bebygd/utfyllt. Fosnavåg Pelagic sine lokaler ligg nær til området og tiltaket legg til rette for vidareutvikling av bedrifta. Det er fast produksjon i lokala det siste året.



Figur 7. Avgrensing av planområdet (skravur) med deponiområde (raud flate)

Det er planar om å leggje til rette for utviding av industriareal, molo og kai innanfor området. Kai, trafikkareal, industriareal og ferdselsområde vil og vere naturlege formål i planen.

3.3 Landskap

Landskapet på Bergsøya er eit strandflatelandskap forma av is og hav. Kystlinja er dominert av bratte svaberg med innslag av langgrunne strender. Busetnaden er konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinebusetnad ligg i det lune området mot Straumane og Leinøya. Store delar av Bergsøya består av ope lende, med innslag av skogsområde og litt dyrka mark. Sørsida er relativt flat og dominert av eit større våtmarksområde i tilknytning til Myklebustvatnet. Nordsida av øya, der planområdet er lokalisert er dominert av eit aust/vest-gåande høgdedrag med bratte fjellsider og med fjellplatå på over 200 moh.

Planområdet ligg inne i hamneområdet.



Figur 8. Plassering av planområdet

3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv

Ingen særskilte registreringar.

3.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor området.

3.6 Landskap og jordvern

Det er ikkje registrert viktige naturtypar, friluftsområde, kulturlandskap eller artsdata innanfor planområdet.

3.7 Forureining (støy, luft og vatn)

Det kommunen kjenner til er det registrert forureining innanfor området.

3.8 Lokalklimatiske forhold

Området er ikkje særskilt utsett til i høve til vind og bølger.

3.9 Risiko for havstigning

Området kan vere sårbar for ekstremver inkl. havnivåstigning.

Fosnavåg 29.08.2016.
Erlend Sporstøl Vikestrand



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	30.05.2016	39429/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	08.06.2016

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av deponi gbnr 34/379 mfl. - Fosnavåg - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Innleiing

Varsel om oppstart kjem som den andre i ei rekke av plansaker som går ut på å fylle opp hamnebassenget i Fosnavåg. I ein slik samanheng vil vi kunne gå inn og rettleie om prosess og utforming av dei formelle dokumenta, men vi kan og kommentere fagleg det som no er i utvikling, korleis ein skal handtere ein situasjon kor hamnebassenget skal bli djupare, men samtidig mindre.

Planfagleg vurdering

Merknad til planprogram

Planprogrammet datert 27.05.2016, inneheld informasjon om bakgrunn, planprosessen og skildring av sjølve planområdet. Det er i planprogrammet ikkje sagt kva tema som er aktuelle å utgreie, berre at det gjennom høyringa av planprogrammet og dei innkomne innspela til planarbeidet skal fastsette nærare kva som trengs å bli utgreidd. Vi vil kommentere behov for utgreiingstema nedanfor. Planprogrammet nemner elles ikkje at det gjennom planprogrammet skal bli gjennomført ei vurdering av reguleringsplanens samla verknader og verknader enkeltvis i forhold til aktuelle tema, men slår fast at det skal gjennomførast ei formell konsekvensutgreiing etter forskrift. Planprogrammet er tinginga til KU. Vi går derfor ut frå at planprogrammet ikkje blir vedteke utan at nødvendige utgreiingskrav vert fastsett

Forslag til utgreiingstema - arealbehov i Fosnavåg

Forslaget om massedeponi/industriområde kan, lik tidlegare sak om utfylling lenger ute i vågen, tyde på at ein på sikt ikkje lenger treng den eksisterande naturgitte hamna. Dette er ikkje nødvendigvis rett, men vi ønsker likevel å stille spørsmålet. Dette ut i frå at det ved vidare utfylling vil vere ei grense for kor mykje ein kan fylle ut før hamna ikkje lenger er funksjonell i utstrekning. Slik vi forstår det er det allereie behov for større djupne. Ved ein gjennomgang av Fosnavåg, uavhengig av eigedomsforhold, ser vi at det faktisk er relativt store areal som vil kunne bli nytta på ein meir effektiv måte. Ein burde derfor utgreie dette potensialet, i samanheng med at ein no skal vurdere å redusere sjølve hamnearealet.

Kulturminne frå nyare tid

Vi viser til tidlegare uttale datert 10.07.2015, til tilsvarande sak om deponiområde, kor vi gav følgande merknad til ei utfylling innanfor hamnebassenget; «...vi kan sjå at fylling inst i botnen vil gje meir areal i eit trongt område, men det er eit

svært drastisk tiltak som bør meir omfattande planlegging før ein kan ta stilling til tiltaket...». Når det no skal gjennomførast ein formell reguleringsplansprosess og konsekvensutgreiing, føreset vi at forholdet til Fosnavåg som stad blir utgreidd i eit kulturminneperspektiv.

Konklusjon

Vi viser til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre merknader og innspel vert vurdert i det vidare arbeidet med planprogram og planforslag.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 28.06.2016

Vår ref.: 201603073-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 27.05.2016

Dykkar ref.: Jarl Martin Møller

Sakshandsamar:

Terje Systad

Innspel til oppstart planarbeid - GBnr 34/379 mfl - Tilrettelegging for deponi - Fosnavåg hamn - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 30.5.2016. Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for deponi i Fosnavåg hamn. Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land.

Ved utfyllingar i sjø må ein gjere ei geoteknisk vurdering av grunnforholda slik at tiltaket ikkje medfører risiko for utglidingar eller setningskader.

Aktsemdskarta for skred i skrednett (www.skrednett.no) syner at planområdet ligg innanfor potensielt fareområde for skred. Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet bør det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse, Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf. PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak, eller at skreddempande skog er viktig for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår vi til at dei aktuelle områda vert teke inn i planen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangseien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
16/84651-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.07.2016

Herøy kommune – Forslag til planprogram – Detaljreguleringsplan for gnr. 34 bnr. 379 m.fl. i Fosnavåg – Tilrettelegging for etablering av deponi – Uttale

Viser til e-post av 30.5.2016 frå Herøy kommune med vedlegg av varsel om
reguleringsarbeid og offentlig ettersyn av planprogram med sikte på å leggje til rette for
massedeponi i Fosnavåg hamn.

Statens vegvesen har ikkje særskild merknad/innspeil til varsla planarbeid og/eller
framlegget til planprogram.

Med helsing
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse	Telefon: 02030	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost-midt@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Landsdekkende regnskap
Postboks 2525			
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2016/3369-3

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Børre Tennfjord

Dato:
05.07.2016

Høyring av detaljreguleringsplan - tilrettelegging for etablering av deponi - Gnr 34 bnr 379 mfl - Fosnavåg sentrum - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke varsel om planarbeid, samt offentlig høyring av planprogram for tilrettelegging av massedeponi i indre Fosnavåg hamn, Herøy kommune.

Varselet og ettersynet er varsla i samsvar med PBL §§12-3 og 12-8 og gjeld i all hovedsak gnr.34, bnr.379 m.fl.. Frist for merknader/innspel er sett til 15.juli 2016.



Om planen

Varsla detaljregulering er i dag ein del av gjeldande reguleringsplan for Fosnavåg hamn, godkjent den 26.mars 2015.

Reguleringa er igongsett for å stette behovet ein har for etablering av massedeponi, i samband med Kystverket sitt utdjuingsarbeid i indre hamn. Hovudmålet er soleis å etablere ein detaljreguleringsplan for tilrettelegging av nemnde deponi med delmål om planeringsareal dedikert til mellom anna næringføremål.

I samsvar med gjeldande konsekvensutredningsforskrift, er det ei samla vurdering om at tiltaket skal konsekvensutgreiast i tillegg til framlagde planprogram.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kort om Kystverket sitt ansvar

Kystverket er ein nasjonal transportetat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Etaten er eit forvaltningsorgan under Samferdselsdepartementet og har det faglege ansvaret for sikring og framkome i norske farvatn og hamner.

Kystverket arbeider for å sikre god tilkomst, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

Kystverket skal i arbeidet ivareta nasjonale interesser og føringar, mellom anna gjennom:

- Lov av 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann (havne- og farvannsloven).
- Ot.prp. nr. 75, (2007-2008) om lov om havner og farvann.
- Losloven, og tilhøyrande føresegner.
- Nasjonal transportplan 2014-2023 St. meld nr. 26 (2012-2013).
- Kystverket sitt handlingsprogram 2010-2019.
- St. meld. nr. 14 (2004-05) På den sikre siden – sjøsikkerhet og oljevernberedskap.
- St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsonen (FKD)
- St. meld. nr. 46 (1996-97) Havner og infrastruktur for sjøtransport (FKD)
- Kystverket – en nasjonal etat for sjøsikkerhet, beredskap og sjøtransport. Mål og strategier.

For å ivareta god sjøsikring i norske farvatn, har Kystverket etablert ein omfattande infrastruktur og yting av maritime tenester. Den fysiske infrastrukturen er samansett av fyr, sjømerke, skilt, etablering og utbetring av farleier og fiskerihamner.

Dei maritime tenestene omfattar mellom anna losteneste, utskriving av farleisbevis, trafikkovervaking og -kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemiddel, meldings- og informasjons-teneste (is-, bølge-, straum- og vindvarsling, samt navigasjonsvarsel).

Kystverket har også ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og sikring av norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

Vår vurdering

Vedlagte planvarsel i Herøy kommune, vil etter Kystverket sin oppfatning, ha særleg verknad for statlege anleggstiltak og generelt ansvarsområde. Arealavgrensinga som er presentert gjennom planvarselet, er i all hovudsak grunnlagt på volumet av utdjupa masse frå hamna. Sett frå ein anleggsteknisk ståstad er det viktig at det regulerte arealet har nok kapasitet til å ta i mot storparten av utdjupingsmassen frå Vågen. Dette er også hovudføremålet med reguleringa.

Kystverket har vurdert planvarselet ut i frå gjeldande rammevilkår og retningslinjer og finn at varselet gir tilfredsstillande opplysningar om kva område som er sett i regulering og kva målet med reguleringa er. Vi finn at måldefinisjonen er presis og forklarande og innanfor det Kystverket ser føre seg som tilfredsstillande og framtidig bruksområde i ein fiskerihamn. Næringsareal med prioritet for fiskeriretta næringsverksemd er aksepterte føremål.

Vi har vidare vurdert planprogrammet og tilhøyrande framlegg til konsekvensutgreiing. Vi meiner planprogrammet er oversiktleg og godt disponert, med ein god grunngjeving for kvifor planarbeidet vert oppstarta og kva rammevilkår som er knytt til komande utarbeiding. Det er også lagt fram ein framdriftsplan som verkar realistisk, eit opplegg for medverknad og framlegg på særlege tema som skal vurderast gjennom konsekvensutgreiing.

Planprogrammet er etter vårt syn, eit godt startgrunnlag for ein god reguleringsprosess.

Utover dette har vi ikkje ytterlegare merknader til planframlegget.

Med helsing

Harald Tronstad
Regiondirektør

Børre Tennfjord
Sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fiskeridirektoratet Region Midt
Statens vegvesen Region midt
Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset
Postboks 185 Sentrum
Fylkeshuset
Fylkeshuset

6404	MOLDE
5804	BERGEN
6404	MOLDE
6404	MOLDE

Vedlegg:



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Herøy nr. 2016/ 769	Saksbeh.
12 JULI 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan for tilrettelegging av massedeponi
gnr34 bnr379 m.fl
Oppstart - høyring av planprogram

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

KONSEKVENSGREIINGA

Tiltaket skal konsekvensutgreiast. Det er gjort greie for at tema for konsekvensutgreiinga er naturmangfald, landskap, forureining (både sjø, land, støy og støv), beredskap og ulukkesrisiko, havnivåstigning, stormflo og grunntilhøve. Trafikktryggleik i anleggsperioden bør også vere eit tema. I tillegg bør KU belyse forureiningsfaren under sjølvne tiltaket, spesielt for det som gjeld luktproblematikken. Sedimenta som skal mudrast inneheld mykje organisk materiale som kan gi luktplager under mudring og deponering.

Når det gjeld forureining, er det også nokre problemstillingar knytt til behandlinga etter forureiningslova som bør avklårast i konsekvensutgreina til reguleringsplanen, sjå nedanfor.

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Generelt

Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn frå 6 meter til 8,3 meter. I samband med mudring av hamna er det behov for etablering av lokale deponi for forureina og reine masser.

Området som skal regulerast ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Fosnavåg Hamn (godkjent i 2015). Sjølvne arealet for deponiet ligg i reguleringsplanen innanfor *hamneområde i sjø*. Det er planar om å legge til rette for utviding av industriareal, molo og kai innanfor området.

Forureining

Mudring og/eller dumping i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Sjøkantdeponi krev og særskilt løyve etter forureiningslova § 11.

Spørsmål som det må svarast på før ein kan gi løyve etter forureiningslova, og som ein med fordel kan greie ut i samband med reguleringsplanen er:

- er området stabilt geoteknisk? Kan området bli utsett for ras og utglidningar?

- er sjøbotnen der deponiet skal ligge forureina? Det må takast prøver av sjøbotnen for å avklare dette.
- muddermassane må truleg avvatnast på ein eller annan måte. Korleis skal dette gjerast?

KONKLUSJON

Vi ber om at det blir tatt omsyn til våre merknader i det vidare arbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal
Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Revisjonsnr. 2016/769	Saksbeh.
14 JULI 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasj. nr.	

Merknad til planprogrammet for mudring og deponi i Fosnavåg indre hamn.

Vil bare poengtere at det for praktisk bruk av kaia på vår eigendom, så er vi opptatt av hvor nær den østlige utstrekning av deponiområdet blir.

Håper vi får vere med å gi innspill underveis og ikke bare får en endelig løsning på bordet som kan gi oss og andre båter som bruker vår kai praktiske problemer.

På grunn av dybdeforhold utenfor vår kai, og kaiutforming, så må en større båt alltid legge til med bakenden mot Fosnavåg Seafood/deponiområdet. En normal/større fiskebåt stikker dypest bak, en plass mellom 6-8m.

Viss deponiområdet skal bruke en moloutforming så vil det etter hva jeg har hørt så langt kunne bety at ønsket dybde på 8.3m vil ligge i området 16meter utenfor topplinja på moloen. Da må en regne med at der vil vere potensiell fare for skade på skrogbunn, ror og propell viss man kommer nærmere enn 13-14m.

Så håper dette taes med i betraktning ved setting av linja for deponiområdet østover mot oss .

Kanskje den kan trekkes lenger vest og lenger mot nord/utover?

Kanskje man kan ta hensyn til dette når man lager moloen og prøve lage den slik at den blir brattest mulig?

Det beste for vår del hadde selvsagt vert en rett "vegg" mot øst viss det er mulig for Kystverket med flere å få til en slik løsning.

Mvh

Sævik Invest AS

Rune Sævik, tlf 99607008



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2016/1210
		Arkiv:	Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
197/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

VEG- OG PARKERINGSOMRÅDE LEIKANGER SKULE - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 3 000 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 2 330 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

Særutskrift:

Vedlegg:

Vedlegg

1 Kartvedlegg

Oversiktskart, veg- og parkeringsområde ved Leikanger skule

Bakgrunn:

Det er i tidlegare budsjett løyvd 670 000 kr til bygging av ny veg- og parkeringsplass ved Leikanger skule. Etter gjennomført anbodskonkurranse er det behov for ekstra løyving.

Saksopplysningar:

I skrivande stund er det stor byggjeaktivitet på Leikanger skule og grendahus i Leikong. Det blir vist til eigedomsavdelinga sitt prosjekt som omhandlar påbygg og rehabilitering av fasadane på eksisterande skulebygg. I 2013 blei det også bygt kunstgrasbane nord for skulen. Føremålet med dette prosjektet er å utbetre parkeringsplassområdet nordaust for Leikanger skule. Dette inkluderar forbetra tilkomst med snumoglegheit for buss, parkeringsplassar, universelt utforma gangveg, fast dekke og belysning.

Det er utarbeidd ei detaljprosjektering av konsulentfirmaet AG Plan og Arkitektur AS. Det har vore utarbeidd mange alternative skisser av konsulent, og det har vore stor fokus på kostnader og arealeffektiv utnytting av området. Løysinga ein no har landa (sjå vedlegg) på er ein solid og framtidsretta plan, der det har vore fokus på sikkerheita til dei mjuke trafikantane. Det er lagt opp til relativt høg utnytting av det arealet kommunen disponera, utan å måtte ty til grunnforhandlingar. Det har ikkje vore mogleg å stette alle krav utan å måtte gjere inngrep i frileikarealet.

Kommunen har gjennomført anbodskonkurranse og gjort tildelingsvedtak, men må vente med signering til finansieringa er på plass. Når det gjeld framdrift, ser ein føre seg byggjestart oktober 2016. Byggjeperioda er anslått til 12 veker, men asfaltering må ein sannsynlegvis vente med til våren.

Kostnadsoppsett:

Tilbodssum	2 510 000 u/mva
+ oppfølgingskostnader	240 000 u/mva
+ uforuttsettpost	250 000 u/mva
Sum	3 000 000 u/mva

Finansiering:

Tidlegare løyving	670 000 u/mva
+ ekstra løyving	2 330 000 u/mva
Sum	3 000 000 u/mva

Vurdering og konklusjon:

Ei utbetring av forholda har vore etterlengta i mange år. Det er tydeleg at fordelane er større enn ulempene. Kommunen har gjort store investeringar allereie i området. Det vil soleis vere naturleg at kommunen også utbetrar veg- og parkeringsplassområdet slik at området samla sett ser heilskapleg ut.

Det viser seg i fleire prosjekt at tidlegare års løyvingar er for urealistiske. Etter ei samla vurdering av kostnadane er det behov for ei ekstraløyving på 2 330 000 kr.

Med bakgrunn i dette tilrår rådmannen at prosjektet vert tilført meir pengar. Midlane som trengst for å fullføre anleggsarbeidet, vert å omdisponere frå prosjektet 51916 "Leine-Trolldalen 2".

I prosjektet "Leine-Trolldalen 2" var det ei generell løyving på 6,3 millionar, men det ligg eit stykke fram i tid før ein kan realisere planane. Det er allereie omdisponert pengar frå dette

prosjektet (ladestasjonar elbil og vike/toftedal). Det står no att ca. 5,1 millionar. Det vil med andre ord stå att ca. 2,8 millionar om denne ekstra løyvinga blir vedtatt.

Konsekvensar for folkehelse:

Fast dekke, snumoglegheit for buss, gangveg/fortau og belysning vil betre forholda i høve universell utforming, tilgjenge, trafiksikkerheit og generell trivsel for brukarane.

Konsekvensar for beredskap:

Forbetring i høve dagens situasjon.

Konsekvensar for drift:

Ingen særskilde konsekvensar (ikkje kommunal veg og parkeringsplass).

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 3 000 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 2 330 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

Fosnavåg, 01.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 24.08.2016

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/16	Komite for oppvekst	24.08.2016
61/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016
198/16	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - BYGGEPROGRAM

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga
Skuleavdelinga
Kulturavdelinga
Bergsøy idrettslag – handballgruppa
Økonomiavdelinga
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hovudverneombodet

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall
- Herøy ressurscenter
- Nedre Dragsund 2
- Bergsøy skule
- Fosnavåg driftsbasis
- Herøy kulturhus – framtidig bruk

Byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande projekteringsfasen, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

«Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk eller somatisk sykdom, skade eller lidelse»

Om ein tek utgangspunkt i stad- og lokalsamfunnsutvikling; er det «å høyre til – identitet, stoltheit og kjenne eiga historie» eit viktig mål i folkehelsearbeidet. I tillegg til å kunne; medvirke, møtes og kunne bruke omgjevnadane. (Kjelde: Kyrre Kvistad, folkehelsekoordinator Nord-Trøndelag fylkeskommune ifm. Tettstedskonferansen – Stedsutvikling, folkehelse og universell utforming.)

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 03.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde



Made in Klaksvik

Made in Klaksvik var etablert i 2015 med formålet at få etablert eitt nordisk nettverk.

Made in Klaksvik har adresse i Handelsstad frå 1838, som i dag er Museum for dei seks øyane i austlige del av Færøyane.

Made in Klaksvik har etablerte ein lokal kulturverkstad her.

Med utgangspunkt i vår regionale kulturhistorie, forteljingar m.m. , har vi pr d.d. vist at det er fullt mogleg lokalt å samle unge og eldre til å produsere ny musikk, teater m.m. Nye produkter som har positiv inverknad på stad- og identitetsutvikling. Produkter som brukast i aukandi turistnæringa og underholdningsbransjen.

Med utgangspunkt i våre erfaringar har vi tru på at vi gjennom eitt nordisk nettverk kan etablere eitt 3 årigt prosjekt, som tek sikte på å stadfesta at nordiske nettverk, kan ha positiv inverknad på stad- og identitetsutvikling i samarbeidskommuner frå Færøyane, Noreg og ein av dei britiske øyane!

Korleis kan vi med utgangspunkt i vores felles historie og våre lokalhistoriske særtræk etablere eit nettverk?

Er det mogleg på ovanfor nevnte grundlag å få etablert prosjekter som kan presenterast for samarbeidskommunane?

Korleis kan vi bruke erfaringer til nye prosjekter og/ eller produkter? Kan nettverket være med på å utvikle nye tiltak?

Made in Klaksvík

Projektbeskrivelse

Med projektet Made in Klaksvík vil vi beskrive den markante kunstneriske og kulturelle ændring af det færøske samfund, der udfoldede sig i tiden efter frihandelens indførelse i 1856, og på innovativ vis formidle det ud til en nordisk offentlighed.

Rammerne for projektet er de ikoniske handelsbygninger i Klaksvig fra 1838, her dei kulturhistoriske ændringane har udspillet sig.

Selve projektet bliver baseret i eit nordisk netværk og udvikles i samarbejde mellem aktørerne.

Indholdsmæssigt vil vi fokusere på at finde, beskrive og formidle de mest markante kulturelle udviklingstræk i tiden efter frihandelen. Vi vil se nærmere på:

- centrale facts i udviklingen, der bliver formidlet i en plakat/tekst udstilling, kaldet historien i lyset, som bliver supleret op med en forelæsning af høj indholds- og entertainmæssig kvalitet - skuespil og litteratur, der er baseret på nogle centrale historiske hændelser og figurer fra perioden - udviklingen af musikken i samme periode

Derudover bliver en del af Made in Klaksvík et culture lab, der retter sig mod skolerne og hvor eleverne får mulighed for selv at deltage i det kulturelle univers med fremstilling af forskellige håndlavede genstande, skrive med datidens skriveudstyr og formidle med datidens broadcast muligheder.

Made in Klaksvík kommer at køre i en 2-3 års periode med fokus på udvikling, netværk og nordisk samarbejde, og historie, skuespil, litteratur, musik og culture lab.

Helt konkret skal historien frem i lyset og skrives og arrangeres således, at den m.a. danner grundlag for forskellige forestillinger.

Forventede resultater

Det er vores dedikerede formål at få vores kulturelle historie aktiveret på innovativ vis som et værdifuldt aktiv i undervisnings og tourism øjemed. Dette aktiv skal baseres på de historiske spor, som er blevet bevarede for eftertiden, som for eksempel de gamle handels bygninger i Klaksvig.

Beskrivelse af projektets gennemførelse og organisering

Projektet bliver konceptuelt udviklet i et samarbejde mellem Herø Kommune med borgere i Klaksvig kommune som initiativtagere. Foruden den overordnede projektledelse, som ligger hos ansøger, bliver et netværk af kreative kunstnere etableret, som skal medvirke direkte i realiseringen af projektet.

Beskrivelse af partnerne og de enkelte partners rolle i projektet

Leigetakar i Museet for Nordøyanen Sp/f Leikalund v/Jógvan Andrias Joensen, har det overordnede projekt ansvar og ansvar for rammerne omkring Made in Klaksvík.

Projektleder Rani Nolsøe skal forfatte manuskriptet til Made in Klaksvík og stå for den konkrete organisering af de enkeltstående fremvisninger i projektet.

Netværket af kreative kunstnere kommer at bemande forestillingene med skuespillere, musikere, scenograf, koreograf, lyd/lysfolk, instruktør m.v.



VANYLVEN KOMMUNE
Rådmannen

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

Reg. nr. 2016/736 Saksbeh. OMR

20 MAI 2016

Ark kode P
Ark kode S
Dok. nr.
Kassasjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Nabokommunar (Sande, Herøy, Volda, Vågsøy, Selje)
Politiske parti i Vanylven
Vanylven Utvikling AS

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2012/681	895/2016 / 140	«REF»	RÅD / AARRAN	18.05.2016


Høyring - Planstrategi 2016-2020 - Utfordringar og moglegheiter i Vanylven

Vanylven kommune arbeider med ein planstrategi for 2016-2020, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Vi vil gjerne ha dykkar synspunkt på dette arbeidet, og innspel om kva planar vi bør jobbe med i perioden.

Kommuneplanen var godkjent i 2009 sak 31/09. Den inneheld mål og strategiar fram til 2020. Arealdelen vart jobba med parallelt og vart godkjent i 2014, sak 23/14. Innan planperioden på ny planstrategi må arbeidet med nytt planverk setjast i gong.

Utfordringane vi hadde i 2012 er ikkje ulike dei vi har no og nedgangen i folketal er hovudutfordringa. Pr. 1.1.2016 er vi 3258 personar. Nedgang frå 1.1.2012 er 130 personar, eller – 3,8 % på 4 år. Spesielt i yngre aldersgrupper er nedgangen stor, noko som gjer at utan tilflytting vert vi raskt færre og eldre.

Folketalspyramide, 1990, 2015 og 2025



Postadresse:	postmottak@vanylven.kommune.no	http://www.vanylven.kommune.no	
Rådhuset	Telefon:	Telefaks:	Org.nr
6143 FISKÅ	70030000	70030009	964 978 662
			Bankgiro:
			3972 07 00151

I **næringslivet** har det vorte mindre arbeidsplassar, men vi har ei mangfaldig kjerne av små bedrifter – i tillegg til nokre store. Arbeidsløysa var pr april 2016 2,5 %, lågast på søre Sunnmøre. Det kan vere ein indikator på at Vanylven ikkje er like sårbar/utsett som andre når det gjeld nedgangen i enkelte sektorar.

Kommunen har eit næringsapparat, Vanylven Utvikling AS, som fortsatt har noko tilskotsordningar og er elles ein del av ressursnettverket på næringsutvikling i fylket/IN. Med lavare arbeidsgjevaravgift frå 2014 (6,4 %) har kommunen eit fortrinn på næringsetablering. Kommunen har arealreservar – men det er diverre få som vil satse. Gjennom det kommunale eiedomsselskapet har ein lagt til rette fasilitetar for kompetansesarbeidsplassar gjennom etablering av næringshage «light»/Vanylvsmaia. Det har synt at det er nyttig å ha tilgjengelege lokaler når bedrifter har teke kontakt om ynskja areal. Kommunen har ein strategisk næringsplan frå 2015 som innheld mål og prioriteringar. Tal på gardsbruk i drift og leveranse av mjølk og kjøt går ned, men siste åra har nokre enkeltbruk satsa med nybygg og stor produksjon. Der er også tendensar til at yngre krefter overtek gardar. Produksjon av meir lokal mat er eit mål for utviklinga av **landbruksdrifta**. Meir **reiseliv** og fritidsbustader er eit anna. Opplevingsgarden på Hakallestranda er svært populær, og kan gje ringverknader til fleire aktivitetar og reiseliv i området. Lokale dugnadskrefter har lagt ned stor innsats for å bidra til meir tilbod innan reiseliv – med oppføring av strandhus, drift av gjesteheim og synleggjering av attraksjonar.

Kommuneorganisasjonen sitt tenestetilbodet er i stor grad vore desentralisert - og dermed kostbart. Økonomisk stode for kommunen er at utgiftene aukar, medan inntektene har minka siste åra. Etter nokre år med utfordringar og eit besøk innom Robek-lista ser ein ei god økonomisk situasjon for Vanylven kommune pr. no. Vel og merke om ein greier å utvikle drifta i takt med utvikling av samfunnet. Folketalsnedgang som gjev stagnasjon i dei frie inntektene, den demografiske utviklinga med færre born og fleire eldre, og at tenestestrukturen enno ikkje er tilpassa befolkningsgrunnlaget gjer det utfordrande å balansere ei forsvarleg drift med god økonomi på sikt. At ein går frå økonomiske fokus i utviklingsarbeidet til eit kvalitativt tenestefokus vil vonleg bidra til ei langsiktig omstilling. God styring og kompetanse er viktig i eit slikt arbeid.

Folkehelseinstituttet sin profil for folkehelsa i Vanylven viser at vi har ein høgare del av eldre over 80 år, men elles skiljer vi oss ikkje så mykje ut frå landet elles. Her er ikkje lang ventetid for sjukeheims plassar eller utskrivne sjukehuspasientar, men det er ei stor auke i tal yngre brukarar med store og omfattande behov grunna psykisk helse og funksjonshemming.

I **oppvekstsektoren** har vi vore gjennom ein prosess med nedlegging av dei 3 minste skulane. Frå hausten 2013 har vi att 3 skular med totalt 333 (2015) elevar i 1.-10. trinn. Dei tre kommunale barnehagane i kommunen hadde i 2015 68 born. I tillegg er der ein privat barnehage i kommunen med ca 50 plassar. Å få nok og riktig fagkompetanse er eit problem i oppvekstsektoren. Tal saker for barnevernet har auka kraftig siste åra, og det er vanskar med å halde fastsette fristar. Eit mål er å få arbeide meir med førebygging i familiane, og på den måten redusere tal tyngre saker.

Interkommunalt **samarbeid** er i samfunnsplanen nemnt som eit mål ”der det medfører auka

verdi eller kostnadskutt”. Mykje av samarbeidet vi har føregår mot dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Mellom anna samarbeider vi IKT, kontrollutvalssekretariat, revisjon, SRU (tidlegare ÅRU), beredskap ved akutt ureining og PPT. Vi har førebels takka nei til felles barnevern, økonomifunksjon og brannvern – handsama kvar for seg.

Vanylven har arbeida djupt med **kommunereform** sidan bestillingsbrevet kom frå kommunalministeren. Ein har gått breidt ut og hatt dialog med alle omliggande kommunar. I løpet av 2015 landa ein på to alternative retningar og det har krystallisert seg intensjonsavtalar både med «Stadt kommune» og «Runde kommune». Gjennom folkerøysting i april 2016 fekk ein eit tydeleg signal på at innbyggjarane er positive til kommunereform (61 %) og at ein orienterar seg nordover (72,5 %) i ei eventuell større kommune.

Samferdsel er eit heitt tema i Vanylven. Rovdefjordsambandet har vorte arbeida fram til godkjent kommunedelplan, saman med Sande kommune, og vert omtala som den første piloten for uttesting av ny teknologi for fjordkrysningar.

Den vert omtalt som ”eit vere eller ikkje vere” for Vanylven. Det vert også jobba iherdig med fastlandssamband frå øyane til Åram, arbeidet er organisert som aksjeselskap. Stad skipstunnel er omtalt i nasjonal transportplan, og gjennom engasjement i prosjektgruppa Stad Skipstunnel arbeidar ein for raskare framdrift i arbeidet med realiseringa. Det er grunn til å tru at både førebuingane, byggeperioden og ringverknadane av Stad Skipstunnel vil ha store utslag for Vanylven kommune.

For vanylvingane er Ulsteinvik og Ålesund naturlege sentrum å reise til, og mange arbeidspendlar over Rovdefjorden. Medan dei andre kommunane på Søre Sunnmøre no nyt godt av Eiksundsambandet, med lett arbeidspendling begge vegar, er vi framleis vår eigen bu- og arbeidsmarknadsregion – på grunn av fjorden. Det er særskild viktig for oss med velfungerande fergesamband og kollektivtransport som korrespondera med ruter og avgongar vidare ut i regionen.

Samferdsle i form av telekommunikasjon og breiband er stadig under utbygging. Det er likevel delar av kommunen som ligg i skyggeland for slik kommunikasjon.

Kommunen sitt **fibernet**verk er no i ferd med å i større grad verte utnytta, der kommunestyret har vedteke ei utbygging som har som mål å sikre at «fiber til heimen» vert eit tilbod til alle i Vanylven kommune.

Det er varsla **klima**endringar med meir nedbør og meir vind. Vanylven har rikeleg nedbør, og Orkanen ”Dagmar” jula 2011 viste oss nokre svake punkt i beredskapen når det gjaldt kommunikasjon og straum. Også på andre områder er det viktig å ha ei kriseplan. Geografisk plassering gjer at vi må kunne hjelpe oss sjølve mest muleg ved ei krise. For å unngå skade på nybygg må ein halde avstand til sjø og elvar, og velje område som er lite vindutsett. Vi har eigen klimaplan 2010-2015 (kommunedelplan) med tiltak for å redusere klimagassutslepp og energibruk. Vanylven er frå før av ei kommune med lite utslepp pr.innbyggjar. Det er eit mål å få f.eks næringsbygg til å bruke bioenergi som flisfyring, og det nye omsorgssenter har slik oppvarming.

Biologisk mangfald er kartlagt for deler av kommunen, og viktige område er avsett til LNF-N

område i kommuneplanens arealdel. Det same gjeld alle kulturminna som er registrert. **Areal**bruken i kommunen er skildra i samfunnsplanen. Mellom anna ein tettstadstrategi, der ulike funksjonar vert fordelt på kommunesenter (Fiskå), 2 bygdesenter (Syvde og Åheim), 3 lokalsenter (Rovde, Eidså og Åram), og fleire fortettingsområde. Vi har ønske om at alle desse stadane har ledige bustadtomter, slik at utvalet er størst muleg for dei som vil slå seg til her. Interessa for fritidsbustader er størst på Hakallestranda, og der er framleis mange ledige, regulerte tomter. Når det gjeld nytt areal til fritidsbustader er det stadig søknader i strandsona.

Vanylven har mykje strandsone, men lite av den er funksjonell og inngrepsfri. Den beste strandsona er derfor ein avgrensa ressurs og bør ligge urørt, medan andre deler kan nyttast – med gode føringar for bygging å unngå negativ landskapsverknad. Eiga kartlegging og strategi for bruk og vern av strandsona hadde vore nyttig reiskap for oss. Å verne om dei beste jordbruksområda er viktig for Vanylven, og krev ein bevisst strategi i arealsaker.

Trivsel er viktig for busettinga, og stikkord her er kultur, fritidsaktivitetar og tettstadutvikling. Sjølv om folketalet minkar er kulturaktiviteten forholdsvis høg når det gjeld song, musikk, byggedagar, museum og kulturvandringar mellom anna – og dugnadsinnsatsen er høg. Kulturskulen har ca 140 elevar, UKM har stor deltaking på høgt nivå. Fritidsaktivitet elles er mykje organisert idrett for dei yngste, og trimgrupper for dei litt eldre – også dette dugnadsbasert. Vanylven er eit mykje brukt fotturområde, der det er satsa på eige turkart og godt merka løyper i fjella. Sjøen eignar seg også godt til aktivitetar som fiske og roing. Med tanke på at tal eldre aukar, hadde det vore god helseførebygging med meir turvegar i nærområdet. Vanylven har få sosiale møteplassar og eit spreidd servicetilbod, og kunne hatt god effekt av ei målretta tettstadutvikling. Universell utforming skal vere eit mål i uteområde i tettstadane og på turvegar.

Oppsummert:

Vanylven har eit potensiale når det gjeld areal, med gode bustadområde og ledig næringsareal. Likevel er vi tapande part når det gjeld nyetablering, og vi vert færre og eldre. Samtidig med at vi prøver å få unge familiar hit, må vi bu oss på eldrebølga – men med færre hender i arbeid. Kompetanse kan sjå ut til å vere eit viktig stikkord, og interkommunalt samarbeid og gode samferdselsløysingar kan hjelpe oss på veg.

Framdrifta vidare er at planstrategien vert utarbeidd til august, og vert gjort offentleg minst 30 dagar før endeleg avgjerd i kommunestyret i oktober.

Innspeil til planstrategien kan sendast til postmottak@vanylven.kommune.no eller til Vanylven kommune, Rådhuset, 6143 Fiskå. Frist 30. juni.

Med helsing

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Ane Malene Søvik Nygård
rådgjevar



ULSTEIN KOMMUNE

Politisk sekretariat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksnr
2010/453

Løpenr
10634/2016

Dato
02.09.2016

MELDING OM VEDTAK

ENDELEG VEDTAK OM KOMMUNEREFORM

De får med dette melding om at Ulstein kommunestyre har gjort følgjande vedtak i sak PS 16/63:

Ulstein kommune har tidlegare (i K-sak 66/14) uttrykt behovet for større og meir robuste kommunar, behovet for ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region og behovet for samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar.

Ulstein kommunestyre stadfestar desse behova og går inn for at Ulstein kommune slår seg saman med Hareid kommune innan 1.1.2020, og at den inngåtte intensjonsavtalen for Hareidlandet vert lagt til grunn for den vidare prosessen.

Kommunen er ikkje bunden av den inngåtte intensjonsavtalen for Runde kommune.

∕ Samla saksframstilling ligg ved.

Med helsing

Svein Arne Orvik
politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Hareid kommune
Herøy kommune
Sande kommune
Vanylven kommune



ULSTEIN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Svein Arne Orvik	Arkivsak:	2010/453
		Løpenr.:	10025/2016

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
16/81	Ulstein formannskap	30.08.2016
16/63	Ulstein kommunestyre	01.09.2016

Saka gjeld:

ENDELEG VEDTAK OM KOMMUNEREFORM

Vedtak i Ulstein kommunestyre 01.09.2016:

Ulstein kommune har tidlegare (i K-sak 66/14) uttrykt behovet for større og meir robuste kommunar, behovet for ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region og behovet for samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar.

Ulstein kommunestyre stadfestar desse behova og går inn for at Ulstein kommune slår seg saman med Hareid kommune innan 1.1.2020, og at den inngåtte intensjonsavtalen for Hareidlandet vert lagt til grunn for den vidare prosessen.

Kommunen er ikkje bunden av den inngåtte intensjonsavtalen for Runde kommune.

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 23 mot 2 røyster.

Tilråding frå Ulstein formannskap 30.08.2016:

Ulstein kommune har tidlegare (i K-sak 66/14) uttrykt behovet for større og meir robuste kommunar, behovet for ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region og behovet for samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar.

Ulstein kommunestyre stadfestar desse behova og går inn for at Ulstein kommune slår seg saman med Hareid kommune innan 1.1.2020, og at den inngåtte intensjonsavtalen for Hareidlandet vert lagt til grunn for den vidare prosessen.

Kommunen er ikkje bunden av den inngåtte intensjonsavtalen for Runde kommune.

Handsaming:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 1 røyster.

Tilråding frå rådmannen:

Ulstein kommune har tidlegare (i K-sak 66/14) uttrykt behovet for større og meir robuste kommunar, behovet for ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region og behovet for samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar.

Ulstein kommunestyre stadfestar desse behova og går inn for at Ulstein kommune slår seg saman med Hareid kommune innan 1.1.2020, og at den inngåtte intensjonsavtalen for Hareidlandet vert lagt til grunn for den vidare prosessen.

Kommunen er ikkje bunden av den inngåtte intensjonsavtalen for Runde kommune.

Saksfakta:

Vedlegg:

- 1 Intensjonsavtale om Hareidlandet kommune
- 2 Rapport frå opinionsundersøking om kommunereform i august 2016

Uprenta vedlegg:

Ulstein kommune – søknad om utsetjing av frist for endeleg vedtak i kommunereforma (brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 7.6.2016)

Kommunereforma fram til endeleg vedtak i kommunane innan 1. juli – og fylkesmannen si tilråding innan 1. okt. 2016 (brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 31.3.2016)

Kommunane har vore bedne om å gjere endelege vedtak om kommunereform innan 1.7.2016, og Ulstein kommunestyre handsama 16.6.2016 sak PS 16/56 *Kommunereforma etter innbyggjarhøyringa våren 2016*. I brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 7.6.2016 vart det gitt høve til å gjere eit nytt vedtak som skal erstatte det endelege vedtaket seinast 1.9.2016.

Dette saksframlegget legg til grunn dei momenta Fylkesmannen har bede kommunane ta med i vurderinga før endelege vedtak om kommunereform.

Kommunefakta og prosess i kommunereforma*Grunndata*

Ulstein kommune har eit areal på 97 km² og ligg på Ytre Søre Sunnmøre. Folketalet er 8425 per 2. kvartal 2016. I 1986 var folketalet 5525 (kjelde: Statistisk sentralbyrå). Om lag 78 prosent av folkesetnaden bur i tettstedar, i hovudsak i administrasjonssenteret Ulsteinvik. Til samanlikning er tettstadsandelen i heile Møre og Romsdal fylke 70 prosent. Ulstein har hatt ein kontinuerleg og relativt sterk folkevekst i heile etterkrigstida. I tiårsperioden 2005–15 auka folketalet i snitt med 2 prosent årleg mot 0,8 prosent i fylket totalt (kjelde: Store Norske Leksikon). Folketalet har til saman auka med 23,7 prosent dei siste ti åra fram t.o.m. 2015. Det er relativt korte reiseavstandar i kommunen. Med bil kan ein ta seg frå dei fleste ytterpunkta i kommunen til administrasjonssenteret på under eit kvarter.

Nokre nøkkeltal (per 31.12.2015):

Tilsette/årsverk i Ulstein kommune (2014)	707/562
Sum driftsinntekter i mill. kr	607,5
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (snitt siste 5 år)	3,0
Driftsfond i mill. kr	21,51
Investeringsfond i mill. kr	52,46
Samla gjeld i mill. kr	1417,0
Samla gjeld per innbyggjar i kr	168 094
Budsjettert gjeld i 2019 per innbyggjar i kr	131 554

Reformprosess

Kommunestyre sa seg i juni 2014 samd i behovet for større og meir robuste kommunar, og såg føre seg «ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region». Kommunestyret vedtok å bidra aktivt i reformprosessane.

Det har jamt over vore god framdrift i prosessane i regionen sidan juni 2014. I andre halvår 2015 var det mindre aktivitet i reformprosessane, mykje av den politiske merksemda var då retta inn mot val av nye kommunestyre.

Ulstein har hatt eit omfattande samarbeid med andre kommunar om reforma:

- I 2015 hadde Ulstein nabopratar om kommunereform med dei fire nabokommunane på Ytre Søre Sunnmøre. I 2014 hadde kommunestyret peika på at ein ny kommune også kunne bestå av alle kommunane på Søre Sunnmøre, men Ørsta og Volda gav tidleg signal om at dei ikkje såg dette som aktuelt.
- I 2016 forhandla Ulstein med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune, dette munna ut i intensjonsavtalen om Runde kommune som var signert 30.3.2016.
- I 2016 forhandla Ulstein deretter med Hareid om å danne ein ny kommune. Forhandlingane førde fram til intensjonsavtalen om å danne Hareidlandet kommune som vart signert 7.7.2016.
- Ulstein har også vore med på å greie ut ein regionkommune som inkluderer Ålesund (Regionkommune Sunnmøre).

Ulstein kommunestyre gjorde i løpet av første halvår 2016 to vegval:

- 28.1.2016 vedtok kommunestyret å forhandle fram ein intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven om å danne ein ny kommune. Kommunen valde «i denne omgangen å ikkje forhandle om Regionkommune Sunnmøre-alternativet». Samstundes vart det vedteke at dersom forhandlingane med dei fire nabokommunane ikkje førde fram, «kan Ulstein kommune saman med Hareid kommune og flest mogleg av dei andre kommunane nemnt i punkt 1 søke ei alternativ løysing. Regionkommune Sunnmøre kan vere ein del av denne løysinga.»
- 16.6.2016 tok kommunestyret «til vitende at «Runde kommune» ikkje har fått tilstrekkeleg oppslutnad i folkerøystingane i 3 av 5 deltakarkommunar, men ønskjer framleis at Ulstein skal verte ein del av ei større kommune. Med grunnlag i dette er kommunen open for ein dialog med Hareid kommune om ein intensjonsavtale dersom Hareid kommune ønsker dette. Kommunestyret gir mandat til forhandlingsutvalet om å forhandle fram ein slik avtale.»

Internt i Ulstein vart det tidleg utnemnd ei prosjektgruppe for kommunereforma med ordførar, varaordførar, rådmann, assisterande rådmann, leiaren i ungdomsrådet, representantar for Delta, Fagforbundet og Utdanningsforbundet og kontaktpersonen for reforma.

I 2015 slo kommunestyret fast at formannskapet skulle vere styringsgruppe for det vidare arbeidet med reforma og peika ut eit forhandlingsutval. Prosjektgruppa fekk ansvaret for å koordinere arbeidet med å informere og involvere innbygarane og ulike interessentar.

Ulstein kommune har nytta store ressursar på arbeidet med reforma. I perioden mars 2015–juli 2016 hadde kommunen ein netto kostnad på 254 000 kroner, i tillegg kjem kostnader på 556 000 som vert dekt gjennom tilskot frå Fylkesmannen.

Ulstein kommune har involvert innbygarane på ulike vis undervegs i prosessen:

- Ulstein har arrangert til saman seks folkemøte om reforma. I februar 2015 var det folkemøte i Ulsteinvik , ca. 200 personar deltok. I februar 2016 vart det halde fire folkemøte i ulike delar av kommunen, der vart det orientert om måla og stoda i reformprosessen og innbygarane gav innspel. 18.4.2016 var det folkemøte i

Ulsteinvik med orientering og ordskifte på grunnlag av intensjonsavtalen om Runde kommune.

- 2.5.2016 var det ungdomskonferanse om reforma i Hareidhallen i samarbeid med Hareid kommune.
- Husstandane i kommunen har i 2016 fått tilsendt to publikasjonar med informasjon om reforma og prosessen – ein om Runde kommune og ein om Hareidlandet kommune.
- Kommunen har elles nytta sosiale medium, eigen nettstad og lokalavisa for å kommunisere med innbyggjarane om reforma.
- 19.5.2016 vart det halde folkerøysting på grunnlag av intensjonsavtalen om Runde kommune.
- I april fekk Ulstein kommune gjennomført ei opinionsundersøking om reforma blant eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen.
- Innbyggjarar i Ulstein har også vore intervjuet i to innbyggjarhøyringar i regi av Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015 (som omfatta heile Sunnmøre).

Hovudfunn frå høyringa i 2016

I folkerøystinga 19.5.2016 deltok 37,1 prosent av alle med røysterett. Blant 16- og 17-åringane deltok 44,5 prosent.

Resultatet vart slik:

- 24,6 prosent røysta på alternativet "Eg vil at Ulstein skal danne ein ny kommune saman med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven".
- 62,8 prosent røysta på alternativet "Eg vil at Ulstein skal halde fram som eigen kommune".
- 3,4 prosent røysta på alternativet "Eg veit ikkje".
- 9,2 prosent røysta blankt.

I opinionsundersøkinga i april 2016 intervjuet Opinion AS eit representativt utval på 500 blant innbyggjarane i Ulstein.

På spørsmålet «Er du for eller imot at Ulstein slår seg saman med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven?» fordelte svara seg slik:

- 56 prosent er for.
- 31 prosent er imot.
- 12 prosent svarar «verken for eller imot».
- 1 prosent svarar «veit ikkje».

Dei spurde så dette om kva alternativ dei føretrekker dersom Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven ikkje slår seg saman:

- 63 prosent føretrekker då at Ulstein og Hareid slår seg saman.
- 24 prosent føretrekker då at Ulstein held fram som eigen kommune.
- 11 prosent føretrekker då at Ulstein blir med i ein større regionkommune saman med bl.a. Ålesund.

I opinionsundersøkinga i august 2016 intervjuet Opinion AS eit representativt utval på 500 blant innbyggjarane i Ulstein.

På spørsmålet «Er du for eller imot at Ulstein og Hareid slår seg saman til ein ny kommune?» fordeler svara seg slik:

- 69 prosent er for.
- 19 prosent er imot.
- 11 prosent svarar «verken eller».
- 0,5 prosent svarar «veit ikkje».

På spørsmålet «Eg vil no lese opp fire alternativ, og ber deg vurdere kva for eitt du føretrekker aller helst» fordeler svara seg slik:

- 11 prosent føretrekker at dei sju kommunane på Søre Sunnmøre slår seg saman.
- 15 prosent føretrekker at de fem kommunane på Ytre Søre Sunnmøre slår seg saman.
- 49 prosent føretrekker at Ulstein og Hareid slår seg saman.
- 25 prosent føretrekker at Ulstein held fram som eigen kommune.

Samandrag av saka:

Saka gjeld kommunereform, der kommunestyret skal gjere endeleg vedtak etter høyringa over intensjonsavtalen om Hareidlandet kommune (samarbeid Hareid–Ulstein).

Vurderingar og konklusjon:

Saksframlegget tek utgangspunkt i dei emna, som syna og kriteria Fylkesmannen har bede kommunane vurdere. I tillegg vert resultatet av innbyggjarhøyringane lagde til grunn. Dagens Ulstein kommune vert vurdert opp mot dei to alternativa kommunen har inngått intensjonsavtalar om – Hareidlandet kommune og Runde kommune – jamfør det Fylkesmannen har bede om.

Tabellane gir ei samanfatta vurdering av kva for endring det er sannsynleg at dei to alternativa Ulstein har inngått intensjonsavtalar om ville innebere samanlikna med dagens kommune.

0 tyder som i dag

+ tyder positiv endring

- tyder negativ endring

Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar

<i>Kriterium</i>	Dagens Ulstein kommune	Hareidlandet kommune	Runde kommune
Tilstrekkeleg kapasitet	0	0	+
Relevant kompetanse	0	0	+
Økonomisk soliditet	0	0	0
Valfridom	0	0	0

Uavhengige vurderingar som Kommunebarometeret og ulike brukarundersøkingar vitnar om at dagens Ulstein kommune yter tenester av god kvalitet og med god kapasitet. I åra som kjem kan ein vente av kommunane vil måtte løyse stadig meir komplekse og faglege krevjande oppgåver – og samtidig møte høge forventningar frå innbyggjarane – utan at dei økonomiske ressursane vert aukar tilsvarende.

Kompetansen i og kvaliteten på dei kommunale fagmiljøa vert avgjerande for å kunne møte desse utfordringane. Dersom Ulstein og andre kommunar dannar ein ny og større kommune saman, vil dei kommunale fagmiljøa verte større, meir stabile og allsidige. Dess større organisasjonen er, dess betre høve har ein til å sette av ressursar til spesialisering, innovasjon og utviklingsarbeid. Ei slik utviding av fagmiljø og spesialisering er heilt naudsynt for å møte krav til digitalisering, elektroniske tenester til innbyggjarar og auka bruk av velferdsteknologi. Det vil kunne gjere det mogleg for fagmiljøa å gi innbyggjarane kvalitativt gode tenester på lang sikt, også med knappe ressursar. Alternativet Runde kommune ville i dette perspektivet hatt ein fordel framfor Hareidlandet kommune, i og med at Runde kommune ville hatt dei største fagmiljøa av dei to alternativa.

Ved å danne ein ny kommune kan ein samstundes samordne og effektivisere administrativt arbeid og såleis frigjere ressursar som kan nyttast til å styrke sjølve tenesteytinga.

Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane

<i>Kriterium</i>	Dagens Ulstein kommune	Hareidlandet kommune	Runde kommune
Tilstrekkeleg kapasitet	0	+	+
Relevant kompetanse	0	0	+
Tilstrekkeleg distanse	0	+	+

Mange av vurderingane som er gjorde for kommunen som tenesteutøvar, gjeld også for omsynet til rettstryggleiken: Kommunar med store og allsidige fagmiljø vil venteleg ha dei beste føresetnadane for å sikre seg tilstrekkeleg og relevante kompetanse. Slike kommunar har dei beste føresetnadane for å verkeleggjere dei rettane som innbyggjarane har etter eit omfattande og komplekst lovverk. I tillegg vil det i ein større kommune vere færre tilfelle der sakshandsamar har band til involverte partar – den naudsynte distansen aukar. Å inngå i ein ny og større kommune er slik sett eit meir tenleg alternativ enn å stå åleine. Og av Hareidlandet og Runde kommunar er det det sistnemnde alternativet som generelt vil gi dei beste føresetnadane for å sikre så god rettstryggleik som mogleg. Både fordi fagmiljøa og den naudsynte, profesjonelle distansen ville venteleg ha vorte større i Runde kommune enn i Hareidlandet kommune.

Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

<i>Kriterium</i>	Dagens Ulstein kommune	Hareidlandet kommune	Runde kommune
Funksjonelle samfunnsutviklings-område	0	+	+
Relevant kompetanse	0	+	+
Effektiv tenesteproduksjon	0	+	+

Kommunegrensene vi har i dag skriv seg frå ei tid då kommunane hadde langt færre og meir avgrensa oppgåver enn i dag, og då innbyggjarane i større grad budde og arbeidde innanfor kommunegrensene. Medan det private nærings- og arbeidslivet på Søre Sunnmøre i dag er

tett integrert, lyt kommunane arbeide med samfunnsutvikling innafor sine geografiske grenser.

Ulstein kommune har lenge lagt stor vekt på rolla som samfunnsutviklar, ikkje minst ved å legge til rette for og spele saman med næringslivet, utvikle Ulsteinvik til eit stadig meir urbant senter og løfte krinsane i kommunen. Det har klare fordelar å vere ein kompakt kommune der offentlege og private aktørar har lang tradisjon for å vidareutvikle lokalsamfunnet i fellesskap.

På den andre sida kan rolla som samfunnsutviklar utvidast ved å danne ein større kommune. Til dømes vil ein større kommune ha betre føresetnader for å trekke til seg nye verksemdar, både private og statlege, ikkje minst slike som krev høg kompetanse. Det vil gjere arbeidslivet i regionen meir mangfaldig og attraktivt. Ein større kommune vil slik sett vere betre rusta til å konkurrere med dei større byane i landet om både arbeidsplassar og arbeidstakarar. Samferdsel er eit anna område der ein ny og større kommune vil vere betre skodd til å posisjonere enn det dei einskilde kommunane i regionen er i dag.

Alternativet Runde kommune ville gitt større samsvar mellom kommunegrensene og bu- og arbeidsmarknaden i regionen enn det alternativet Hareidlandet ville gitt. Med tanke på å utvikle den samla regionen, ville Runde kommune slik sett ha dei beste føresetnadane.

Vurdering av kommunen som demokratisk arena

<i>Kriterium</i>	Dagens Ulstein kommune	Hareidlandet kommune	Runde kommune
Høg politisk deltaking	0	0	-
Lokal politisk styring	0	+	+
Lokal identitet	0	0	0

I høyringa om Runde kommune peika lokaldemokratiet seg ut som det området der innbyggjarane er mest negative til kva ei kommunesamanslåing vil ha å seie. Det kan kome av at ein ventar at avstanden vert større mellom folk og folkevalde dess større kommunen er: det vert fleire innbyggjarar per kommunestyrerepresentant i ein større kommune, og mange av dei folkevalde vil vere busette i område som ligg lenger ifrå der den enkelte innbyggaren sjølv er busett.

Om ei kommunesamanslåing vert oppfatta å gjere vegen lengre mellom folk og folkevalde, er det klart uheldig. Ved ei eventuell danning av ein ny og større kommune, vil det derfor vere naudsynt å ta i bruk nye arbeidsmåtar som involverer innbyggjarane så mykje som mogleg.

Dersom det å danne ein større kommune gjer det mogleg å avvike interkommunale selskap, vil dei folkevalde få større mynde, ved at kommunen sjølv tek hand om oppgåvene som selskapa i dag utfører. I det perspektivet kan ei kommunereform innebære at lokaldemokratiet vert styrka, ved at dei folkevalde får betre høve til å styre og utvikle verksemdene.

I den grad ein ny kommune gir meir robust økonomi og større handlefridom til dei folkevalde vil det styrke lokaldemokratiet.

Vurdering av økonomisk status og utvikling

Frå regjeringa si side vert det lagt opp til ulike økonomiske insitament for samanslåing av kommunar:

- Kompensasjon for eingongskostnader etter denne standardiserte modellen:

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0-19 999 innbyggere	20- 49 999 innbyggere	50- 99 999 innbyggere	Over 100 000 innbyggere
2 kommuner	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommuner	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommuner	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller flere kommuner	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Runde-alternativet vil etter denne modellen utløyse ein kompensasjon på 55 mill.kr., medan Hareidlandet kommune vil gi ein kompensasjon på 20 mill.kr.

- Reformstøtte etter følgende modell:

Antall innbyggere i sammenslåingen	Reformstøtte
0-14 999 innbyggere	5 millioner
15 000- 29 999 innbyggere	20 millioner
30 000- 49 999 innbyggere	25 millioner
Over 50 000 innbyggere	30 millioner

Runde-alternativet vil då gi 20 mill.kr, medan Hareidlandet vil gi 5 mill.kr.

- Inndelingstilskot i ein periode på til saman 20 år kor ein vert fullt kompensert for reduksjonen i basistilskotet som følge av det nye strukturkriteriet dei første 15 åra, før ein gradvis trappar tilskotet ned dei 5 siste åra. Strukturkriteriet vert innført for å prøve å skilje mellom kommunar som er «frivilleg» eller «ufrivilleg» små, og måler gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5000 innbyggjarar. KS har berekna følgende verknadstabell for kommunane på Ytre Søre:

Møre og Romsdal - netto omfordeling ved bruk av strukturkriteriet (beregnet utenfor kostnadsnøkkel)

Kommune	Gjennomsnittlig reiseavstand for å nå 5000 innb.	Ny basis-tilskudd	Andel av fullt nivå basis	Tilbakeført frigjort beløp, kr 268 per	Netto omfordeling ved bruk av struktur		Alternativ: struktur inn i nøkkelen, anslag på nivå	
	1000 kr	1000 kr		1000 kr	1000 kr	kr per innb	1000 kr	kr per innb
1502 Molde	4,14	8 275	0,582	7 107	1 152	43	1 092	41
1504 Ålesund	2,30	7 759	0,545	12 468	5 998	129	5 603	120
1505 Kristiansund	2,66	7 859	0,552	6 558	188	8	56	2
1511 Vanylven	21,35	13 094	0,920	874	-261	-80	-89	-27
1514 Sande	19,37	12 540	0,881	698	-991	-380	-857	-328
1515 Herøy	6,11	8 826	0,620	2 399	-3 005	-335	-2 929	-327
1516 Ulstein	3,69	8 148	0,573	2 232	-3 849	-462	-3 855	-462
1517 Hareid	4,71	8 435	0,593	1 370	-4 425	-865	-4 395	-859

Etter disse berekningane vil Ulstein kommune tape om lag 3,85 mill.kr årleg over ein periode på 15-20 år på å stå aleine. På den andre sida har Ulstein kommune dei siste åra mottatt eit veksttilskot som vil kunne falle bort ved ei kommunesamanslåing (for 2017 vil dette veksttilskotet utgjere om lag 3,2 mill. kr). Føresetnaden for å få veksttilskot er at kommunen i siste treårsperiode har hatt ein gjennomsnittleg folkevekst på over 1,4%.

Økonomiske nøkkeltal

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane, og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter bør ifølge TBU over tid utgjere om lag 3 prosent av inntektene. Målt over dei 5 siste åra ser dette slik ut for dei aktuelle kommunane:

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern

	2011	2012	2013	2014	2015	SNITT
Vanylven	0,9	2,8	7,5	2,1	3,5	3,4
Sande	3,4	3,4	0,6	-0,5	-3,1	0,8
Herøy	5,1	2,9	-5,1	-6,2	0,6	-0,5
Ulstein	-0,6	2,4	8,5	1,8	2,8	3,0
Hareid	0,1	1,3	2	1,8	2,6	1,6

Disposisjonsfond/rekneskapsmessig meir/mindreforbruk

Summen av disposisjonsfondet og rekneskapsmessig meir/mindreforbruk ved utgangen av 2015 framgår under:

Disposisjonsfond og rekneskapsmessig meir/mindreforbruk 31.12.15, konsern (tal i 1000 kr frå KOSTRA)

Vanylven	19 560
Sande	-4 924
Herøy	16 044
Ulstein	30 750
Hareid	-1 483

Lånegjeld

Tala under syner netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter pr. 31.12.15:

Vanylven	75,3 %
Sande	84,2 %
Herøy	99,2 %
Ulstein	192,2 %
Hareid	86,6 %

Dei økonomiske nøkkeltala syner at den økonomiske stoda i kommunen er samansett. Resultatmessig har kommunen hatt ei tilfredsstillande utvikling med ein skatteinngang godt over landsgjennomsnittet dei siste 5 åra, og Ulstein har òg mest frie midlar til disposisjon av dei 5 kommunane. Samtidig har kommunen den høgaste lånegjelda i landet målt i prosent av brutto driftsinntekter.

Kommunen har historisk sett hatt ein god skatteinngang og høg evne til å betene lån, og forslaget frå regjeringa om å tilbakeføre delar av selskapsskatten til kommunane frå 2018 kan verke positivt for Ulstein. Likevel vil den høge lånegjelda legge beslag på ein større andel av kommunen sine ressursar i tida framover, og ein vil vere svært eksponert for endringar i rentenivå og inntektsgrunnlag. Sett i lys av dette vil det kunne verte ein fordel for Ulstein å bli del av ein større kommune med ein diversifisert gjeldsgrad. Ein større kommune vil òg kunne bidra til ein meir samansett næringsstruktur og mindre sårbarheit for konjunktursvingningar.

Tenesteproduksjonen i kommunane vert meir kompleks i åra som kjem. Formelle krav til sakshandsaming, krav til vedtak og vurderingar ved tildeling av tenester aukar. Krav til bruk av elektroniske tenester og verktøy aukar. Kravet kjem frå innbyggjarane i kommune som ventar det same nivå på tenester frå kommune som dei frå private tenesteytarar. Tettare samhandling mellom kommunar og andre aktørar aukar òg krava til kunnskap og kompetanse. Eit døme på dette er Norsk HelseNett som no utviklar elektronisk kommunikasjon mellom alle aktørar innanfor helse og omsorgssektoren. Der er andre døme innanfor andre sektorar. Kommunen sjølv er også ein pådrivar i å ta i bruk ny teknologi for å auke produksjonen med mindre ressursbruk, men òg for å utvikle kvalitet og tenestetilbodet til brukarane t.d. ved å ta i bruk velferdsteknologi.

Kommunen ser i dag utfordringane med små fagmiljø. Desse utfordringane vil auke i åra framover og det er behov for større kommunar dersom den utviklinga vi ser no held fram i åra framover.

Høyringar om dei to intensjonsavtalane

Etter innbyggjarhøyringane om Runde kommune vedtok Ulstein kommunestyre 16.6.2016 bl.a. at «Ulstein kommunestyre tek til vitande at «Runde kommune» ikkje har fått tilstrekkeleg oppslutnad i folkerøystingane i 3 av 5 deltakarkommunar, men ønskjer framleis at Ulstein skal verte ein del av ei større kommune.»

Spørjeundersøkingar i åra 2014–2016 har vist at det blant innbyggjarane i Ulstein er eit generelt ønske om at kommunen skal verte ein del av ein større kommune. Spesielt mange har vore positive til at Hareid og Ulstein skulle finne saman.

I innbyggjarhøyringa om Hareidlandet kommune har opinionsundersøkinga i Hareid vist at 41 prosent er for ei samanslåing, medan 45 prosent er imot og 14 prosent svarar at det ikkje veit. Forskjellen mellom for og imot er ikkje statistisk signifikant (innanfor feilmarginen). I folkerøystinga i Hareid røysta 39 prosent for samanslåing, 60 prosent røysta imot og 1 prosent røysta «veit ikkje».

I Ulstein viser opinionsundersøkinga om Hareidlandet kommune at 69 prosent er for at Ulstein og Hareid skal danne ein ny kommune. På spørsmål om kva for eitt av fire moglege alternativ innbyggjarane aller helst ønsker, er ei samanslåing av Ulstein og Hareid det alternativet som har klart størst tilslutning, med 49 prosent, medan 25 prosent føretrekker at Ulstein held fram som eigen kommune.

Konklusjon

Omsyn på ulike samfunnsområde viser at det er behov for at Ulstein går inn i ein større kommune. Der er faglege argument for å slå saman fleire av kommunane i regionen, men den inngåtte intensjonsavtalen om Runde kommune har ikkje naudsynt tilslutning. Delar av avtalen, som t.d. oppbygging av eit rådhusmiljø i Myrvåg, utanfor eksisterande senter, meiner Ulstein kommune ikkje ei framtidsretta løysing. Dersom den vidare prosessen fører til at samarbeid mellom dei fem kommunane kjem opp som eit reelt alternativ, må eit slikt samarbeid ha eit anna grunnlag enn den framforhandla intensjonsavtalen.

Ei samanslåing av Ulstein og Hareid har stor tilslutning i Ulstein og vil gjere dei to kommunane betre rusta til å møte framtidens utfordringar. Intensjonsavtalen om Hareidlandet bør leggst til grunn for eit eventuelt vidare samarbeid med Hareid kommune.

29.8.2016

Verner Larsen
konstituert rådmann

Svein Arne Orvik
kontaktperson for kommunereforma